



Norsk Barneblad gjev nynorskløyst


Ein bråte bokmålsskular frå Vesterålen til Farsund har sett i gang eit tiltak med bruk av *Norsk Barneblad* i undervisninga.

SIDE 10

Målrørsla åtvarar om Det Norske Teatret

Det Norske Teatret har tapt 25 millionar dei siste åra. No ber teatret om å bli likestilt med Nationaltheatret.

SIDE 20-21



Midt-Telemark utan tiltak for nynorsk

Kommunen skal vere tospråkleg og strykje nynorsken. På fire år er det ikkje kome nokon tiltak.

SIDE 4, 5 OG 6

Norsk Tidend

nr. 4
september 2023

medlemsblad for Noregs Mållag

Nynorsk i språkapp

Duolingo lærer vekk *Ringenes Herre*-språk, men har ikkje nynorskkurs. No har nokon teke saka i eigne hender.

Side 8-9



Språklov og språkplanar – til kva nytte?

■ Då nynorsk-kommunen Bø og bokmåls-kommunen Sauherad blei slått saman til Midt-Telemark, blei administrasjonsspråket skifta frå nynorsk og bokmål, til tospråkleg. Det blei raskt utarbeidd ein detaljert plan for språk og dialekt i kommunen, som skal ta vare på både bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar. Samstundes har planen som ambisjon å styrkje nynorsk og dialekt i kommunen.

■ Sidan 2019 er det likevel ikkje kome eit einaste konkret forslag som lever opp til ambisjonane i planen, viser undersøkingane til *Norsk Tidend* og *Bø blad*. Midt-Telemark kommune er dermed endå eit døme på at språk og dialekt ikkje kjem høgt på prioriteringslista i Kommune-Noreg.

■ For eitt år sidan avslørte *Norsk Tidend* at det framleis ikkje var kome ein språkbruksplan i Stavanger kommune, og at fleire vedtak for å styrkje nynorsken ikkje var følgde opp på grunn av ein teljefeil i kommunestyret. I Midt-Telemark har dei ein plan som ikkje har fått konsekvensar for den vidare politikktutforminga.

■ Kva poeng er det i å ha ei språklov som slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å styrkje nynorsk som det minst brukte norske skriftspråket, når det offentlege sjølv ikkje følgjer egne vedtak? Dette viser kor viktig Noregs Mållag og *Norsk Tidend* er for å sikre språkrettar og kåra for nynorsk i Noreg. *Norsk Tidend* lovar å halde fram med å følgje opp slike saker.

■ Neste år trer den nye opplæringslova i kraft. Då blir det ei stor oppgåve for mållaget lokalt og nasjonalt å sikre dei nye rettane som er komne inn med lova: nærare bestemt retten til å halde fram i eigen språkklasser på ungdomsskolen. For at dette skal la seg gjennomføre, må det setjast av pengar. Det må alle jobbe på for at blir levert, uavhengig av kva farge som styrer i kommunen og i regjeringskontora. Allereie no kan mykje arbeid leggjast ned lokalt for å minke overgangen til bokmål, eller for å motivere nye elevar til å velje nynorsk.

■ Vi vil til slutt gratulere Anders Riise frå styret i Noregs Mållag, som er blitt fylkesordførar i frå Høgre i Møre og Romsdal. Vi vonar det betyr betre kår for nynorsken i Møre og Romsdal.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Vemund Norekvål Knudsen

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Landets nye kulturminister **Lubna Jaffery** (Ap) må tette gapet i løvyingar mellom dei no nasjonale hovudstadsteatera våre.



Eit moderne tea

■ I oktober 1913 stod teaterslaget på Det Norske Teatret i Oslo. Jeppe på Berget på landsmål blei for mykje for riksmålsstudentane i hovudstaden. Pipekonsert blei til nevekamp, tusenvis slåst i gatene. Nynorsketeater har alltid hatt politisk sprengkraft.

■ Det Norske Teatret kjempar no eit moderne teaterslag for økonomisk jamstilling med Nationaltheatret. Det er eit slag teatret må vinne om ikkje den nynorske scenekunsten skal tape terreng.

■ I 1991 tok staten over ansvaret for løvvingane til Nationaltheatret og Det Norske Teatret og begge teatera var økonomisk likestilte. Sidan har har gapet mellom dei to auka med omlag ein million i året. I reine kroner har støtta auka, men det er meir enn ete opp av løns- og prisveksten. I 2023-kroner får teatret 27 millionar kroner mindre enn dei fekk i 1991. Det er dramatisk.

■ leiarteigen



PEDER LOFNES HAUGE

Leiar i Noregs Mållag

■ Når teatersjef Erik Ulfsby no ropar varsko bør dei lytte i Kulturdepartementet. Han åtvarar om færre store satsingar, mindre omfang og breidde på scena. Det vil vere eit stort tap for nynorsken.

■ Det er vanskeleg å underkommunisere kor viktig Det Norske Teatret er for nynorsken. Det breier seg ut og tar plass på gateplan, midt i Oslo sentrum. Dei spelar teater på nynorsk og norske dialekter og skapar teatermagi for folk i bygd og by. Dei tar språk-



en aften i maalteatret.

Illustrasjon: Det Norske Teatrets arkiv

terslag

oppdraget sitt på alvor, og viser for heile verda at nynorsk er det vesle språket for den store scenekunsten.

■ Teatret kan ikkje misse den krafta og styrken det har i dag. Difor må løyvingane tilbake på nivået det var tidlegare. Regjeringa er godt kjend med utfordringa, og det er vanskeleg å sjå for seg at dei med opne auge vil la gapet auke ytterlegare. Når denne leiarteigen blir skrivne sit regjeringa i budsjettkonferansen som i praksis låser inn 2024-budsjettet. Ei samla målrørse forventar at Lubna Jaffery slåst for teateret. Denne regjeringa må snart levere til nynorsken, og dette vil vere ei god sak å gjere det på.

■ Om ho lukkast får vi svaret på når finansminister Trygve Slagsvold Vedum går frå Finansdepartementet til Stortinget om morgonen den 6. oktober. I kofferten bør han ha nynorskmillionar.

Det Norske Teatret kjempar no eit moderne teaterslag for økonomisk jamstilling med Nationalteatret. Det er eit slag teatret må vinne om ikkje den nynorske scenekunsten skal tape terreng.

■ sagt

– Haaland er ein god fotballspelar, men Garborg er den beste målmannen.

Ørjan Zazzera Johansen til Jærbladet

Spar miljøet og peng, i ein og same sleng!

Bruktkroken i Hafslø barnehage

Nynorsk ble oppfunnet etter at vestlendinger skrev på papir i regnvær og en østlending prøvde å tolke halvveis utvaska bokstaver.

@jegerder på x

Viss nokon trur at eg skal begynna å skriva bokmål, så kan også dei ta seg ei pera – for det gjer eg aldri. Eg ville følt meg som ein idiot og ein hyklar om eg skreiv bokmål. Kva er det eg prøver på då, liksom? Å bli noko meir høgverdig som ikkje er meg? Eg veit ikkje, eg berre irriterer meg grenselaust over folk som skriv bokmål når dei snakkar ei nynorsk nær dialekt.

Heine Totland til Sunnhordland

Skal starta opp «Aksjon for borgarleg valsiger» som eit alternativ til Aksjon for borgerlig valgseier. Forskjellen er at min organisasjon kun gjer stønad til borgarlege parti som ikkje hatar nynorsk.

@jens_hakon på X

Eg skjønner at folk som ikkje har eit forhold til nynorsk, synest det er vanskeleg og stress. Samtidig: Eg hata matte og naturfag, men eg prøvde ikkje å få faga ut av skulen. Så sidemålet bør bestå.

Heine Totland til Sunnhordland

«De må da for faen kunne synge på nynorsk, og ikke dette danske imperialistimportsølet av et «språk» som bokmål er, for ALLE vet jo at Ivar Aasen er Norges første punker!!!».

Egon Holstads frå Buktafestivalen i Tromsø

Så ble jeg tildelt denne Riksmålsprisen. Min mor var død, men jeg ville aldri i livet tatt i mot en pris som kommer fra snobbeklassens språk og som ydmyket hennes skrivearbeid.

Tomas Espedal på Facebook

Eg har alltid likt å skriva. Eg merka ganske tidleg at eg likte norsk-faget godt, og medan alle andre klaga på nynorsken, syntest eg det var veldig kjekt å halda på med.

Marie Straume til avisa Tysnes

Denne saka er skriven i eit samarbeid mellom *Bø Blad* og *Norsk Tidend*.

Midt-Telemark vedtok ein målbruksplan i 2019. På fire år er det ikkje kome konkrete tiltak for å nå måla.

Språkplan og nynorskstyrking ikkje følgt opp

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Norsk Tidend

MARTA KJØLLESDAL

Bø Blad

■ – Temaet nynorsk og dialektar blir diskutert. Vi er medvite om det, men det er ikkje noko konkret som er blitt løfta eller vedtatt politisk, svarar Evy Beate Stykket (V), leiar i Utval for kultur og oppvekst.

Ikkje følgt opp

Målbruksplanen til Midt-Telemark kommune er eit overordna dokument som styrer språkpolitikken i kommunen. Planen omhandlar alt frå opplæring, til kultur og oppvekst og den daglege interne og eksterne kommunikasjonen til kommunen.

Målbruksplanen har som ambisjon å gi like vilkår til både nynorsk og bokmål, og ønskjer å styrkje dialektbruken i kommunen.

Det skal i utgangspunktet kome oppdateringar på språkarbeidet i kommunen kvar fjerde månad. Ein gjennomgang av *Norsk Tidend* og *Bø blad* viser at dette ikkje har skjedd ein einaste gong sidan målbruksplanen blei

vedteke i 2019. Det stadfestar også både politikarar og administrasjon i Midt-Telemark kommune.

– Eg veit at det ikkje har kome noko status på om måla i planen er nådde. Det må sjølvstøtt følgt opp, seier Evy Beate Stykket (V), leiar av utval for kultur og oppvekst.

Stykket gir hyppige utskiftingar i den administrative leiinga og økonomisk press i kommunen skulda.

– Det har vore fleire nedskjeringar siste åra. Då har kanskje ikkje målbruksplanen vore

høgast på prioriteringslista, diverre, svarar ho over telefon.

I planen er det laga ei oversikt over kva dokument og saker som skal skrivast på nynorsk og bokmål. Det står også at språket på heimesidene skal veksle mellom bokmål og nynorsk. I tillegg skal både bokmål og nynorsk ha gode kår, og særleg nynorsken skal styrkjast.

– Litt av tanken var at ein ikkje skulle gå for eit typisk «Minst 40 prosent nynorsk» type mål. Vi ønska noko meir konkret som er enklare å følgje med på og følgje opp, seier Evy Beate Stykket (V).

Lite nynorsk: - Det er ein glipp

Undersøkinga til *Norsk Tidend* og *Bø blad* viser derimot at det nesten ikkje finst nynorsk på heimesidene til kommunen.

– Vi ser av innhaldet at vi ikkje har ei god nok balanse mellom dei to skriftspråka og skal vidare setje fokus på dette, svarar kommunen i eit offisielt svar til *Bø blad* og *Norsk Tidend*.

Det er vedteke at Kommunalplan for Helse og omsorg skal vere på nynorsk, men han er på bokmål. I tillegg er kommunedelplan for flyktningpolitikk og kommunedelplan for oppvekst

“ **Det har vore fleire nedskjeringar siste åra. Då har kanskje ikkje målbruksplanen vore høgast på prioriteringslista, diverre.**

Evy Beate Stykket (V), leiar av utval for kultur og oppvekst



på nynorsk, endå dei skal vere på bokmål i følgje målbruksplanen.

– Dette er ein glipp, svarar kommuneadministrasjonen.

Kommunen: Framleis eit stykke å gå

Midt-Telemark kommune har vedtatt å vere tospråkleg. Det er likevel vedteke at alle skriv frå statsorgan til kommunen skal vere på nynorsk. Kommuneadministrasjonen fortel *Norsk Tidend* og *Bø blad* at staten «i varierende grad» sender skriv på rett skriftspråk - altså på nynorsk.

– Det er ikkje laga rutiner for tilbakemelding dersom ein ser at dokument har kome på feil skriftspråk, legg dei til.

Det er altså tilfeldig om kommunen klagar på at skriv og dokument frå staten kjem på bokmål heller enn nynorsk.

I målbruksplanen er det også skrive at Midt-Telemark kommune skal «Sikre at kommunen i



ER PÅ SAKA: Evy Beate Stykket er ikkje fornøyd med oppfølginga av målbruksplanen, men seier at politikarane skal følgje opp saka i komande valperiode.

Foto: Marta Kjøllsedal, Bø blad



IKKJE MOTVILJE: Sigbjørn Hjelm-brekke (R) trur ikkje det handlar om motvilje i kommunen. Han innrømmer også at han som målmenneske kunne gjort meir. Han er tidlegare leiar i Telemark Mållag.

Foto: Vemund Norekvål Knudsen

det heile har ein språkleg praksis i tråd med lovar og regelverk, og at alt eksternt språk er i samsvar

med gjeldande rettskriving.»

– Tilsette som er i skriftleg kontakt med innbyggjarar og andre blir oppfordra til å bruke eit godt og klart språk. Det er fortsatt ein veg å gå i å lykkast med dette arbeidet, svarar kommunen på spørsmål frå *Norsk Tidend* og *Bø blad*.

Politikarar: Vil følgje opp tettare

Trass i manglande oppfølging av målbruksplanen, er Evy Beate Stykket på sin side stort sett nøgd med målbruksplanen til no, gitt den økonomiske situasjonen og dei store utskiftingane i administrasjonen.

– Vi følgjer språkfordelinga på saker slik det skal, minus kommunedelplanen for helse og omsorg, seier Evy Beate.

– Er det planar om ei oppdatering/rullering av målbruksplanen

slik at han også er relevant om, til dømes, ti år frå no?

– Den ligg ikkje inne i planstrategien, og det skulle den kanskje ha gjort!

– Fordi det ikkje er rapportert på målbruksplanen slik det skal, kom det spørsmål om målbruksplanen på kommunestyremøtet i juni i år. Så svaret er vel eigentleg: nei, det er ikkje ein plan no, men me er på saka!

Norsk Tidend og *Bø blad* tek kontakt med Sigbjørn Hjelm-brekke, som er medlem i utval for kultur og oppvekst for Raudt og tidlegare leiar i Telemark Mållag. Vi spurte han kva han synest om at målbruksplanen ikkje er fulgt opp godt nok.

– Eg burde som målmenneske tatt meir ansvar. Eg etterlyste rapportering og status frå målbruksplanen i fjor haust og fekk eit munnleg svar som ikkje er

protokollført. Det står ingenting i årsrapporten om dette, og eg har ikkje fått svar på spørsmålet endå.

Også Hjelm-brekke peiker på økonomiske utfordringar og store utskiftingar i administrasjonen som årsaker til at planen ikkje er fulgt opp.

– Eg trur ikkje det er snakk om motvilje. Det er mykje anna som skjer, seier han.

– Er det noko som er gjort politisk for at planen kan følgjast betre opp?

– Det er no vedteke at Utval for kultur og oppvekst skal få rapport på måloppnåinga i målbruksplanen, slik at det ikkje berre er kommunedirektøren som legg fram ein rapport. Då vil det bli enklare å følgje opp med politiske tiltak, og ansvaret blir meir fordelt, svarar Hjelm-brekke. ➔

Denne saka er skriven i eit samarbeid mellom *Bø Blad* og *Norsk Tidend*.

Plan for nynorsk let vente på seg

I Midt-Telemark kommune kom Kommunedelplan for oppvekst ut på **høyring i 2020**. Fire år seinare er han framleis ikkje handsama og endeleg vedteke.

■ Oppvekstplanen handlar mellom anna om barnehage og opplæringa i skulen. Måla som er stadfesta i målbruksplanen er ikkje nemnte.

På spørsmål om kvifor oppvekstplanen ikkje følgjer måla i Målbruksplanen, svarar kommuneadministrasjonen at ingen av dei som sit i staben no var med i utforminga av planen og difor ikkje kan svare på spørsmålet.

– Frå hausten skal kommunedelplan for oppvekst reviderast.

“ **Rånemiljøet nyttar mykje dialekt, veit eg. Det er veldig bra. Elles er det veldig tilfeldig kva som blir gjort for nynorsk i kommunen.**

Evy Beate Stykket (V), leiar av utval for kultur og oppvekst

Det vil då vere naturleg å ta omsyn til dette, legg dei til.

Ny kommune får skylda

I 2020 blei Bø og Sauherad slått saman til Midt-Telmark kommune. I tillegg trådte ny læreplan i kraft same året. Dette er noko av forklaringa, seier Evy Beate Stykket (V), leiar av utval for kultur og oppvekst.

– Ny kommune bringer med seg mange nye saker, og så kom det attpåtil ein ny læreplan. Det er nokre av forklaringane på kvifor arbeidet med oppvekstplanen har tatt lang tid, seier Stykket.

Stykket viser også til at det er kome nye, viktige krav frå politisk hald:


– Det skal bli utarbeidd ein førebyggjande plan for barn og unge. Denne må bli ferdig før me held fram med arbeidet med oppvekstplanen.

– *Korleis går det med nynorsk og dialekt i kommunen i dag?*

– Det er varierende, men eg kan ikkje seie noko systematisk om det. Rånemiljøet nyttar mykje dialekt, veit eg. Det er veldig bra. Elles er det veldig tilfeldig kva som blir gjort for nynorsk i kommunen, innrømmer Stykket.

Vedteke styrking av nynorsk

På kommunestyremøtet i juni hadde kommunestyret oppe ei sak om kommunen sin nye kulturstrategi. Her står det at ein skal «Styrke nynorsk språk og dialektbruk gjennom oppfølging



NYNORSK OG BOKMÅL HAND I HAND? *Bø i Telemark har lange nynorsktradisjonar. Sauherad har alltid vore bokmål. I den samanslåtte kommunen Midt-Telemark, tapar derimot nynorsken terreng, i strid med vedteken politikk.*

Fakta

- Bø blad har fått støtte frå Fritt ord til eit graveprosjekt om kommunesamanslåinga i Midt-Telemark. Fagleg støtte er også gitt frå Senter for undersøkende journalistikk (SUJO).
- Målet med prosjektet har vore å sjå nærmare på økonomiske konsekvensar og andre sider av kommunesamanslåinga.
- Norsk Tidend har i samarbeide med Bø blad, sett på korleis Målbruksplanen har blitt følgd opp som ein del av dette graveprosjektet. Målbruksplanen konkretiserer korleis kommunen kan ha aktiv bruk av både nynorsk og bokmål.
- I ei spørjeundersøking gjennomført av Bø blad er dei tilsette i kommunen spurt om kva dei tenkjer om korleis samanslåinga har gått, med utgangspunkt i intensjonsavtala for samanslåinga.

av kommunens målbruksplan og samskaping».

– Det er naturleg at delar av denne planen går inn i oppvekstplanen også, seier Stykket.

Sigbjørn Hjelmbrekke (R) deler dette synet, men meiner kommunen må gjere endå meir for å styrkje nynorsken.

Då saka blei sendt til sitat-

sjekk i haust, tettare opp mot valet, spurte *Norsk Tidend* og *Bø blad* om ei oppdatering i saka. Evy Beate Stykket sa følgjande: – Det er ingen relevante oppdateringar. Det har vore ein kaotisk periode etter samanslåinga, så me får nøste opp ein og ein tråd i neste periode og få meir struktur også på dette.

Nynorsk bedriftsforum vil ha statsstøtte

Ei slik støtte vil vere eit konkret og nyttig tiltak for å fremje nynorsk «på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet», seier

Monika Haanes Waagan, dagleg leiar i Nynorsk Bedriftsforum.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ På Arendalsveka var Nynorsk bedriftsforum til stades for å få seg vener blant dei politiske partia. Dei ønskjer støtte direkte frå statsbudsjettet.

– Nynorsk bedriftsforum er ein organisasjon som arbeider målretta med å styrkje nynorsken i næringslivet. Vi har alle reie teke viktige steg framover i det første driftsåret vårt, og medlemstalet vårt er aukande. Vi ser at vi fyller ein viktig funksjon, både som eit verdfullt nettverk og som ei stemme for den nynorskbrukande delen av næringslivet, skriv dei i ein e-post til *Norsk Tidend*.

Dagleg leiar Monika Haanes Waagan fortel *Norsk Tidend* at nynorsken alltid har stått relativt svakt i næringslivet, sjølv om nynorsk er godt eigna som bedriftsspråk.

Tre hovudutfordringar

Monika viser til tre hovudutfordringar ho meiner nynorskbedrifter har i dag: tilgangen på programvare og teknologi som støttar nynorsk, kompetanse, og sist, men ikkje minst Google.

– Google praktiserer ei utstrekkt diskriminering av nynorskbrukarar. Søkjetreff på nynorsk blir luka vekk, dersom ein får treff på akkurat det same på bokmål. Slik er algoritmane deira innretta. Kvifor skal ein utanlandsk teknologigigant ha så mykje makt over norske skriftspråk? spør Haanes Waagan retorisk.

Næringslivet er språkprodusentar

Haanes Waagan og Nynorsk Bedriftsforum viser til at språklova, som trådte i kraft i 2021, legg eit spesielt ansvar på det offentlege for å styrkje nynorsk



NÆRINGSLIVSSPRÅK: Det er avgjerande at nynorske bedrifter får ein langt meir framstående plass i diskusjonar om det norske språket, seier Monika Haanes Waagan i Nynorsk Bedriftsforum.

“ **Vi ser at vi fyller ein viktig funksjon, både som eit verdfullt nettverk og som ei stemme for den nynorskbrukande delen av næringslivet.**

på alle område av samfunnet. Likevel er det få eller ingen tiltak som er retta mot bedrifter og næringslivet.

– Det er avgjerande at nynorske bedrifter får ein langt meir framstående plass i diskusjonar om det norske språket, seier Haanes Waagan.

Ho har sjølv drive verksemd mange år, og leverer teksttenester til mange nynorskbedrifter.

– Eg veit sjølv veldig godt kor vanskeleg det er for bedrifter som ønskjer å nytte nynorsk som språk, versus bokmålsbe-

drifter. Nynorskbedrifter har aldri hatt eit felles talerøyr, og det er det vi ønsker at Nynorsk Bedriftsforum skal vere. For å lykkast i dette arbeidet treng vi økonomisk stabilitet og høve til å jobbe langsiktig, fortel Haanes Waagan.

– Vi håpar politikarane våre ser nytta av organisasjonen vår og arbeidet vi gjer. Slik støtte vil vere eit konkret og nyttig tiltak for å fremje nynorsk «på alle samfunnsområde og i alle deler av samfunnslivet», avsluttar ho.

Gjennom språkappen **Duolingo** kan du lære deg Game of Thrones språket valyrisk, urfolkspråket navajo eller store språk som kinesisk og spansk. Men nynorsk kurs finst ikkje. Johanna Breivang tok difor saka i egne hender.



Game of Nynorsk

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ – Eg har no laga 40 «Duo-soger» på frivillig basis, og har planar om fleire, seier ho.

Språklæring gjennom spelmekanismer

Duolingo er ein app der ein kan lære seg ei rekkje ulike språk gjennom ulike spel- og leikmekanismer. Ein kan lære alt frå dei største språka, til mindre språk som irsk og ulike urfolkspråk, til språk frå fantasiunivers, som valyrisk og alvisk.

– Duolingo har vore veldig opne for å lage opplegg for ulike språk på etterspurnad frå brukarane. Men etter Duolingo blei eit kommersielt aksjeselskap, er derimot dette blitt vanskelegare, fortel ho.

Duolingo er i utgangspunktet reklamefinansiert, men dette er det mogleg å kjøpe seg ut av. Appen er laga som eit interaktivt spel, der ein får løn i form av poeng og interne bonusar etter kvart som ein gjer ulike modular og kurs i språket.

Duolingo utan nynorsk

Dei fleste kursa går frå engelsk til det valte språket, men det er

også mogleg å lære seg engelsk som spansktalande, til dømes.

Det finst også eit engelsk til norsk kurs, men dette kurset er berre på bokmål. I Duolingo kan ein altså lære seg fantasipråk, men ikkje nynorsk.

– Har det vore etterspurnad for eit nynorsk kurs i duolingo?

– Ja, det har vore det i Duolingo miljøet. Eg er med i ei Discord-gruppe [nettsamfunn] kalla Norwegian Language Learning. Der er det fleire tusen menneske frå heile verda som vil lære seg norsk, men det finst berre ressursar frå

engelsk til bokmål. Då fann eg ut at eg fekk gjere det sjølv, då.

Sidan slutten av mai i år, har Johanna har skrivne manus, laga oppgaver og lese inn lyden til det som blir kalla «Duo-soger» (Duostories), heilt på frivillig basis. Ho får også hjelp av to korrekturlesarar, som også kvalitetssjekkar sogene.


Duo-soger er ei form for interaktive historier som er laga for å trene språkforståinga til brukaren. I desse historiene følgjer gjerne ein samtale eller ein diskusjon gjennom ei historie eller situasjon – alt med stemmeskodespel og påfølgjande spørsmål og gloseøving. Dei er ein av fleire ulike typar øvingar ein finn i eit språkkurs hjå Duolingo.

Duolingo-lisens

Johanna fortel at sjølv om Duolingo er blitt strengare på kva språk dei sjølv utviklar, tillèt dei mykje brukarskapte språkkurs.

– Det er heldigvis mange språkinteresserte som skapar eige innhald til Duolingo. Eg har fått lisens å bruke grensesnittet, karakterane og lydane til Duolingo. Nynorskogene for dei som vil lære seg norsk ligg ute på framsida til Duostories no, faktisk, fortel ho.

“ **Duolingo har vore veldig opne for å lage opplegg for ulike språk på etterspurnad frå brukarane. Men etter Duolingo blei eit kommersielt aksjeselskap, er derimot dette blitt vanskelegare.**





ENGELSK OG NYNORSK: Her er eit døme på ei av duo-sogene Johanna har utvikla.

Johanna fortel at ho også jobbar med eit bokmål til nynorsk kurs innanfor duolingo-grensensnittet, men veit ikkje når dette er klart eller tilgjengeleg.

– Er det kvalitetssikring av desse sogene og brukargenererte språkkursa?

– Det må vere nok historier, og utover det høyrer eg med korrekturlesarane om dei er gode nok.

Ønsker det særeigne

Johanna fortel at utviklinga er at hovuddelen av det brukargenererte innhaldet prioriterer framandspråka heller enn engelsk. Altså at det er etterspurnad for

– Det er også fleire kurs som har øvingar og glosepuggingar, men ikkje duo-soger. Det bidreg mange frivillige i dag til å gjere noko med.

– Kva med kurs i grammatikk og slikt?

– Eg freistar å lage historier som fokuserer på grammatikk og så langt som råd bruke særnynorske ord og vendingar. Nærmare bestemt held eg meg unna dei bokmålsnærme formene, dei kan folk allereie. Eg vil heller vise fram styrkjene, det fine, det artige og særeigne med nynorsk, utan å bruke dei mest konservative formene.

– Ser du på digitalisering som eit problem eller ei løysing for minoritetsspråk så som nynorsk?

Johanna tenkjer seg ikkje lenge om før ho svarar:

– Det er dei store selskapa som er problemet. Prosjekt som dette er berre bra. Det syner oss kva som kan bli gjort dersom ein prioriterer, dersom ein faktisk har tid og ressursar.

– Mastodon, som er eit alternativ til X/Twitter, har til dømes omset heile grensensnittet sitt til nynorsk. Minecraft er også tilgjengeleg på nynorsk, til dømes. Det viser at det berre er vilje det står på frå dei store selskapa. Enn så lenge må mykje av arbeidet liggje hos kreative og skapande frivillige.

Norsk Barneblad gjev nynorskløyst

– Ein bråte bokmåls-skular frå Vesterålen til Farsund har sett i gang eit tiltak med bruk av **Norsk Barneblad** i undervisninga. Føremålet er å gje nynorskopplæring på tvers av fag for bokmålelevar på barneskulen.

INGAR ARNØY
ingarnoy@nm.no

I januar 2022 sette Heidi Vie-land Ermesjø, lærar på Nordby skole i Rælingen i gang med å bruke Norsk Barneblad i undervisninga.

– Eg såg eit oppslag på sidene til Nynorsksenteret der dei tilbydde eit opplegg for bruk av m.a. *Norsk Barneblad* som læringsressurs. Eg søkte og fekk vere med på tiltaket, seier Ermesjø. Eg vil streke under at vi fekk mykje dra-hjelp frå Nynorsksenteret og dei fylgt oss opp svært godt heile vegen.

– *Korleis brukte de Norsk Barneblad?*

– Eg har brukt bladet tverrfagleg. Bladet har jamt tema-nummer som høver framifrå med dei emna vi har i fleire fag. Eg la opp til eigenlesing for elevane og somtid valde elevane sjølve tekstar å lese. Elevane skriv også nynorsk og t.d. er kryssordet ein fin måte å arbeide seg inn i språket på. Vi har òg hatt høgtlesing frå Bladet slik at elevane kan lytte seg inn i språket. Og ei moro-sam oppgåve for elevane var å bruke matoppskrifter i bladet til å lage mat heime.

– *Attåt Norsk Barneblad har vi òg brukt Framtida junior som også er ein framifrå læringsressurs. I det heile finn eg svært mykje bra på Nynorsksenteret som eg brukar i undervisninga.*

– *Er du nøgd med tiltaket? Og vil du halde fram med å bruke bladet?*

– Ja, eg er veldig nøgd og eg bestemte meg radt for å halde fram. Kollegaer på skulen fortel



FRAMIFRÅ LÆRINGSRESSURS: Norsk Barneblad og Framtida Junior har så høg kvalitet at Heidi Ermesjø oppmodar andre bokmålskular til å nytte det i undervisninga.

Fakta

■ Norsk Barneblad blir brukt som læringsressurs i undervisninga. I 2022-23 har over 20 bokmålsklas-sar på 4-6. klassesteg sett i gang med regelbunden bruk av bladet tverrfagleg i fleire timar kvar veke. Det er lokallag og fylkeslag som har betalt årstinging av bladet og elevane får bladet til privat eige. Ei årstinging kostar om lag 5 000 kroner for ein skuleklasse (25–28 elevar). Skulane er i Øksnes, Nam-sos, Inderøy, Steinkjer, Levanger, kristiansund, Molde, Bærum, Foll-dal og Farsund.

at dei også tykkjer om bladet. Ikkje minst at vi kan bruke det tverrfagleg. Og det er heilt i tråd med kompetansemåla i læreplanen. Somme av elevane

fortel også at dei brukar bladet utanfor skuletida. Eg vil oppmode andre bokmåls-skular til å prøve tiltaket og ikkje minst bruke Nynorsksen-teret, seier Ermesjø.

Lokal - og fylkeslaga

Lokallaga i Noregs Mållag har veldig lang tradisjon med å tinge Norsk Barneblad til sku-leklassar. På Nordmøre har fylkeslaget gjeve årstinging til mest alle nynorskelevane på Nordmøre. På Karmøy gav dei bladet til elevane på Stokka-strand skule då elevane skulle flyttast til bokmålsskulen på Koparvik:

– Vi har fått oppretta nokre nynorskklassar på den nye Stangaland skole i Koparvik. Det er ikkje einaste årsaka, men eg er viss på at å gje *Norsk Barneblad* til alle elev-ane på Stokkastrand gjorde fleire foreldre positive til å

velje nynorsk, seier Bente Sandve i Karmøy dialekt- og mållag.

I Oslo har Oslo Mållag vendt seg direkte til Oslo kommune for å tilby klas-sesett av *Norsk Barneblad* og *Framtida junior*. – Vi er visse på at dette er ein svært god, enkel og effektiv måte å få i gang nynorskopplæring for bokmålelevar på barneskule, også i Oslo, seier Kristofer R. Stavseng, leiar i Oslo Mållag.

– Vi er veldig glade for sam-arbeidet med så vel lokallaga som medlemene i Noregs Mål-lag, seier Nana Rise i *Norsk Barneblad*. Og vi er veldig sikre på at skulane og elevane får svært godt utbytte av å lese og bruke bladet, både tverrfagleg og ikkje minst for å lære seg nynorsk på ein god og moro-sam måte, seier Rise.

Valmøte Karmøy kulturhus

21. august heldt **Karmøy dialekt- og mållag** møte om språk og språkpolitikk på Karmøy. Heile 9 parti/lister stilte, og mellom dei over 20 fram-møtte var også ordføreren. Etter ei stutt innleiing frå Noregs Mållag la kandidatane fram synsmåtar og framlegg til tiltak for å styrkja Karmøy som ein tospråkleg kommune. «Me er svært nøgde med møtet og det gjev oss tru på at kommunen vil føra ein betre og meir medviten språkpolitikk for å styrkja villkåra for nynorsk i barnehage og skule», seier Berit Sandve, leiar i Karmøy dialekt- og Mållag.

Odda Mållag på tur

22. august dro over 40 stykker i Odda Mållag på tur til **Eikenes og Gjetingsdalen**. På heimesidene deira rettar dei ein spesiell takk til dei sær så gjestfrie innbyggjarane langs løypa: «Først tok Åse Bratland og Per Magne Eikenes imot oss i rekkjetunet på Eikenes. Etter betasupa i gamleskolen fortalde Anfinn Bakke om bygda. Anton Langeland skildra landbruket i dalen og landet. Turen var avslutta med kaffi og kaker på skuleplassen.»

Lærer og speaker fekk Målniven 2023

Laurdag 29. juli inviterte Gjesdal mållag til fest på bygdahuset. Frammøtet var godt, over 70 personar hadde funne vegen. **Tom Hetland**, tidlegare redaktør i Stavanger Aftenblad, kåserte. Han har ordet i si makt, og det vart ein interessant historietime. Det musikalske innslaget var ved **Elaine Egeland**, ein retteleg flink songfugl frå Undheim. Målniven 2023, Gjesdal Mållag sin målpris, vart tildelt **Odd Magne Fjermestad**, kjend for veldig mange som lærar ved Gjesdal Ungdomsskule gjennom fleire tiår. Han har vore ein dyktig og høgt respektert lærar som både kollegaer, elevar og foreldre har sett stor pris på. Ein svært verdig prisvinnar!

Storegutprisen for Ferdamat

Nynorsk kultursentrum og Vener av Vinjesenteret har tildelt **Fjord1** og matkonseptet **Ferdamat**, Storegutprisen, for god bruk av nynorsk i det offentlege rom.

Fjord1 fekk Storegutprisen 2023 under Litteraturdagane i Vinje laurdag 26. august.

Prisen har namn etter diktsamlinga Storegut av Aasmund Olavsson Vinje, og er tildelt Fjord1 med bakgrunn i ein synleg og positiv bruk av nynorsk i det offentlege rommet.

- Det krev både mot og integritet å gjere all marknadsføring på nynorsk, og Fjord1 gjer det som ein naturleg del av verksemda. Dei viser at nynorsk er godt eigna til kommunikasjon med eit mangfaldig publikum, seier leiar i Storegutnemda, Aasmund Nordstoga, i ei pressemelding.

Tromsø Mållag på stand

Tromsø mållag stod på stand i **Tromsø sentrum** laurdag 2. september, då kommunen arrangerte «Frivilligheit i sentrum». Der stod dei saman med mange andre frivillige organisasjonar, frå korps til hockeyklubben til Redd Barna og alt i mellom. Dei treffe mange interesserte i alle aldrar og fekk fortalt om arbeidet til Tromsø Mållag.

Ny leiar i Valle Mållag

Valle Mållag har hatt årsmøte, og nyvald leiar er **Kristian Thaulé**. Han tek over etter **Tarald Rike**.

Thaulé er fast tilsett lærar ved Valle skule, med mastergrad i norsk. Oppgåva hans handla om tale-målsendingar i Valle. Thaulé meiner det er viktig å stø opp om nynorskbruken hjå lokale bedrifter, og i barnehagen og skulen. Det første arrangementet for



UT PÅ TUR, ALDRI SUR: Odda Mållag stortrivast på tur til Eikenes og Gjetingsdalen!

det nye styret vert det tradisjonelle romjolsmøtet. Dette er planlagt å innehalde foredrag, jolegraut, kaffi og kake, «quiz» med vallemålsord, og musikalske innslag. Dato for møtet kjem mållaget tilbake til.

Vi gratulerer Kristian med vervet!

Takkar Nærbutikken Nissedal

Me vil gjerne takke **Ian Perry Jones** og medarbeidarane i **Nærbutikken Nissedal** for at de har fått opp eit stort, fint opplysningsskilt om opningstidene på god nynorsk. Slik er de med på å halde språkleg mangfald og bygdekulturen vår i hevd. Vidare viser de at nynorsk òg er heilt greitt å bruke på fagområde som tradisjonelt er dominert av bokmål. Forskingsarbeid frå Høgskulen i Telemark for nokre år sidan syner òg at mange gjerne vil møte det som er av særpreg på dei stadene dei bur på eller kjem til. Slik blir bruk av nynorsk og dialekt like viktig som lokal mat, folkemusikk og lokale handverkstradisjonar.

MiLO-seminar på Sørmarka

28. og 20. august hadde **Mållaget i LO-administrasjonen** samling i Sørmarka utanfor Oslo. Dagen starta med eit nyttig styremøte, og **Åse Kristin Ask Bakke** (Ap) frå Familie- og kulturkomiteen på Stortinget vitja deretter seminaret. Då diskuterte



RAUD MÅLSAMLING: Mållaget i LO-administrasjonen samla i Sørmarka. Her med stortingsrepresentant og Løvebakken mållag-medlem Åse Kristin Ask Bakke (Ap)

dei Ap sin politikk for å styrka nynorsk, samt opplæringslova.

Dag to kom **Frida Pernille Mikkelsen** frå Skri-varstova. Då var det ein fin prat om viktige saker for Mållaget inn mot valkampen. Ho inforberte om saker som engasjerer MiLO og ein diskusjon rundt FpU sine utspel i skulevalkampen. Det var avslutning med Lars **Ove Seljestad**, som er forfattar og festivalleiar av den politiske litteraturfestivalen Jernrosa i Odda.

Styret har dessutan vedteke at MiLO ber om at 25 prosent av det som blir publisert på LO sine nettsider, skal vera på nynorsk.

Over alle tindar av ord

Eit essay om Jostein Fet (1924–2023)

■ Kvar søndag morgon hausten 1977 rusla ein liten, tettbygd mann ned bakkane frå Lindevegen i Volda. Jostein Fet var på veg til Møre og Romsdal distriktshøgskule for å lese skifteprotokollar på mikrofilm og notere alt han fann om bøker i skifta. Han brukte mykje meir enn dei søndagane før han hadde vore gjennom 16 287 skifte frå tida 1690–1839 i fire regionar. Der hadde han funne 14 199 bøker.

Det minner om den fem år yngre franske historikaren Emmanuel Le Roy Ladurie. Han publiserte i 1975 ein studie av den oksitanske landsbyen Montailou frå tida 1294–1324, utgitt på norsk i 1986. Til Montailou i Languedoc sør i Frankrike kom pavens menn på jakt etter kjettarar. Ut frå dei omfattande avhøyrsdokumenta frå denne inkvisisjonen skreiv Ladurie ei eineståande, kollektiv fortelling om kvardagsliv og åndsliv i landsbyen. Kvar ein detalj kom til nytte for å forstå liva dei levde.

Nesten like konsentrert som Ladurie studerte Fet emnet sitt. Han har sett vidt, det er så, men han har sett mest på Nordvestlandet. Det han då har mista i nasjonal og allmenn framstilling, har han teke att i nærlesing av skriftlivet i nokre lokalsamfunn og slekter over fleire hundre år. Sjølv til å vere av den gamle skulen sprengde Jostein Fet grensene i sitt eige fag. Den tida er forbi då ein enkeltforskar kan gjere det same, men han blir verande eit absolutt uttrykk for den historiske vissa om å store tankar blir tenkte også utanfor store institusjonar. Etterpå har det vist seg at funna hans har sine ekko i større og meir kollektive forskingsprosjekt.

Eit par dusin intervju kan vere nok til å skrive ei viktig doktoravhandling. Det skal likevel meir til for å forkaste hevdvunnen sanning. Dei første små skriftene frå Fet sette få spor etter seg. Mangt endra seg, og han endra mangt, då «Lesande bønder» kom ut i 1995. Der la han fram hovudfunna frå søndagsforskninga si.

Det var som ei openberring.

DET TOK TIL I SPRÅKET. Fet var der då Kringkastingsringen blei skipa i 1955 for å fornye målrørsla i ei tid då Noregs Mållag fortapte seg i bøyingsendingar. Frå 1958 var han lektor ved Volda lærarskule. Då ideen om distriktshøgskular dukka opp, organiserte Rolf Sagen ein aksjon for å få ein av dei til Volda og eit nynorskmiljø. Fet var med. Vona var at dei nye høgskulane kunne bli ei form for motekspertise. I det norskstudiet Fet utvikla som nyttilsett undervisningsleiar ved høgskulen, var det nettopp det han gjorde.

Utan å vere knytt til noko internasjonalt fagmiljø eller ein ruvande forskingsinstitusjon gjekk han frå den første vesle studien til den store tanken. Det året søndagslesinga tok til, gav han ut ein antologi og bibliografi over 25 diktarar frå Sunnmøre mellom 1600 og 1975. To år seinare kom eit lite skrift om eldre allmugelitteratur på Sunnmøre til bruk i norskstudiet ved høgskulen. Det var eit første varsel, som få merka seg.

Språk- og litteraturforskarer med Olav Duun som spesialitet tok ingen snarvegar. I meir enn 40 år har Jostein Fet leita fram den skriffesta kvardagen til allmugen, folk flest. Han kallar dei bønder, men det er allmugen han skriv om, fattig og rik. Dei mange skifteprotokollane har han supplert med eigne undersøkingar og mentale manntal som ein del prestar skreiv, såkalla sjeleregister. Der fekk han stadfesta ein mistanke som tidleg hadde meldt seg: Der var mange fleire bøker rundt om i heimane enn dei som var nemnde i skifteprotokollane.

Han registrerte boksamlingar, studerte enkeltforfattarar, las enkeltskrifter nøye. Slik blei Helsekalenderen med innskrifter 1726–1836 og tre slektskrøniker frå Bjørkedalen 1614–1876 kjende for dei som kom over enkelte stenskrifter med blå framside om sunnmørsskrifter frå Høgskulen i Volda. Liknande uttrykk for sterk skriftradisjon var kjende frå andre kantar av landet, som Rygnestadboka i Valle i Setesdal med innskrifter 1587–1630 og Røldalsboka

med innskrifter frå 1609. Samanhengane var det enno ingen som hadde sett.

I Fets store forteljing heng lese- og skrivekunne saman. Ymse miljø brukte tidleg skrifta i dei mest ulike samanhengar. Skriftene er for mange og variasjonen for stor til at dette kan reduserast til lesande og skrivande storbønder. Folk skreiv på det dei hadde for hand, og det var sjeldan blanke ark. Merkelege teikn rissa inn på ein husvegg, magiske formlar på klutepapir, bodord på steinheller, rim på ølbollar, slektsminne i margen på boksider, soldatbrev og dagbøker side om side med visjonsdikt og kjærleiksviser.

JOSTEIN FETS SØNDAGSARBEID endra kunnskapen om Noreg. Å setje fram ein ny tanke kan vere enkelt. Å gjere den tanken til ei gjennomgripande endring av tenking er noko heilt anna. Det er det Fet har oppnådd: Han skapte eit paradigmeskifte og avdekte den gamle kunnskapen som ubrukeleg.

Før han tenkte sitt, var det vanleg å meine at folk flest var analfabetar før det blei bestemt i 1739 at alle skulle konfirmerast – og den som skulle konfirmerast, måtte kunne lese. På 1800-talet såg ein gjerne på embetsstanden som eit aristokrati for danning, og så seint som i 1982 blei det skrive om «allmuens sløvhet og likegyldighet overfor opplysning og skole» på 1800-talet.

Den makta som låg i skriftkunna, fekk mykje å seie for utviklinga av eit demokratisk samfunn på 1800-talet. Gamle tolkingar av 1700-talet måtte skrivast om, nasjonalromantikken falma, og grunnlaget for historia om nasjonsbygginga på 1800-talet slo sprekkar. Ringverknadene stoppar ikkje der.

Tenking er ikkje avhengig av skrift; Sokrates skreiv ikkje eit ord, men skrift gjer noko med tenkinga. All skrifta og alle skriftene på 1600- og 1700-talet gjorde noko med folk. Dei visste meir om kva som blei tenkt og skrive andre stader i verda. Fets studiar viser kva skrift gjer med folk, kva folk



bruker skrift til når dei bestemmer sjølve, og korleis dei prøvde å skrive dansk på sin måte.

Folk flest kunne lese på 1700-talet, og dei snakka dei dialektane som var blitt forma alt før reformasjonen på 1500-talet. Lesestoffet var med få unntak på dansk. Det vil seie at nordmenn var tospråklege. Dei snakka eitt språk og las eit anna.



Arkivfoto: Sissel Brunstad / NRK

Den forståinga hadde følgjer for måten ein analyserte fortida på, korleis meiningsdanning blei forma og makt var fordelt. Lese- og skriveføre bondesøner som Hans Nielsen Hauge og Ivar Aasen blei for unntak å rekne. No blei det lett å sjå at utbreidd lese- og skrivekunne var ein nødvendig føresetnad for det dei to og mange andre utretta.

Mange fleire kunne lese enn skrive. Samfunnsinstitusjonar som kyrkja ønskte kontroll over både Skrifta og skrifta, men der fanst lese- og skrivekunne utanfor deira domene. Språkforskarane hadde lenge studert dei mange handskrivne og trykte visene frå tidlegare hundreår. Dei las tekstane som språkprøver, ikkje som uttrykk for meistring av skrift. Fleire hun-

“ **I meir enn 40 år har Jostein Fet leita fram den skriftfesta kvardagen til allmugen, folk flest. Han kallar dei bønder, men det er allmugen han skriv om, fattig og rik.**

dre slike viser var kjende, og endå fleire tekstar som ikkje var skrivne i bunden form. Frå mellomalderen kjende ein tusenvis av rettsdokument, mest lesne som språkprøver, og det er funne fleire hundre rune-pinnar frå 1100- og 1200-talet på Bryggen i Bergen. Før alt dette var der helleristningar; så seint som i 1972 kom fleire tusen av dei for ein dag i Alta.

Desse leivningane frå skrift-tradisjonar i farne tider kunne lesast som ei beretning om eit samfunn i den lange overgangen frå munnleg kultur til skriftkultur. Ser ein forbi etablerte arkeologiske tolkingar og les helleristningane som innskrifter, dukkar den tanken opp at menneska også her nord relativt tidleg ytra seg i fleire format og på fleire måtar enn dei som er kjende i dag. Den kunna blei ikkje borte ved nye kultur-møte og språkskifte. Gjennom dødsbu skulle levd liv gjerast opp i ordna former, det vil seie skrift, og kyrkja ville vite mest mogleg om kyrkjelydane sine.

Di meir sentral skrifta var i samfunnet, di meir interessant blei den for dei som ikkje måtte mestre denne kunsten. Dei fleste kunne lese, men las gjerne tekstar om att og om att. Andre hørde tekstar bli lesne eller attfortalde. Slik nådde skrifta endå vidare ut.

JOSTEIN FET BLØMDE SEINT.

Han var over 70 år då han gav ut den første store boka si og fagmiljø i inn- og utland forstod kva han hadde oppdaga. Mellom 1995 og 2015 gav han ut fem store bøker på til saman 2300 store sider om allmugens skriftkultur i fire hundreår. Han samla spor etter skrift og tonar frå musikk. Systematisk innsamling og registrering av tradisjonsmusikk blei til folkemusikkarkiv, bøker som «Folkemusikken i Møre og Romsdal» og eiga tradering, som røynd felespelar. Det som har vore i bruk – skrive og lese, spelt og sunge – har vore til nytte for å forstå dei liva som ein gong blei levde.

Ikkje kunne Jostein Fet i 1990 vite at kan skulle gi ut siste boka si det året han fylte 91 år. Difor skreiv han det viktigaste først.

Først i boka «Den gløymde litteraturen» er alt samla om stemmene frå ei fjern tid, kva dei skreiv, og kven som las dei. Frå dei første mikrofilmene til ei siste bokliste der nr. 1 er ei bok om opphavet og Robinson Crusoe er nr. 609, handlar det om lesing og skrivning i det private og dermed det som var viktig for folk.

Fet har vist at det som ein gong er skrive, ein dag kan hugsast og bli minne for livet. Han var den første i Noreg, men ikkje den einaste i verda. Mange forskar no vidare på grunnlag av den nye tenkinga og med eit så romsleg grep om fenomenet litteratur at dei når både lågt og høgt.

Noko av det første Jostein Fet fekk på trykk, var stykket «Småguten og fjellet» i Sykkylvsbladet i 1955. Dei kvardagsdiktarene Fet seinare henta fram, skreiv nok om fjell mest slik dei hadde lese og høyrte andre gjere det. Sjølv gjekk han etter det originale. Minst to gonger på 1900-talet blei det lyst ut norske konkurransar om å gjendikte «Wandrers Nachtlid», meisterverket av Johann Wolfgang von Goethe frå 1780 med opningsorda «Über allen Gipfeln ist Ruh». Ein av konkurransane stod Gyldendals Aktuelle Magasin for i 1978. Vinnaren var han som då hadde hovud og hyller fulle av skriftminne om allmugens skriftkultur frå Goethes samtid.

*Over alle tindar
er ro –
Om alle rindar
stilnar no
nattvindens fløg.
Og fuglane tagnar i lundar.
Vente – snart blundar
ditt auga òg.*

Då det stod på trykk, var Jostein Fet på veg ned att frå dei litterære tindane gjennom dalane langs elvene ut mot fjordane for å leite seg vidare til det som var, reinske tanken, grave grøfter, som han sjølv har kalla det, trø varsamt inn i husa, bort i skåpa og ned i kistene, skrive ned det som ein gong var å finne der, og på den måten gjere skrift til skrift.

Ottar Grepstad

Det Norske Teatret inviterer alle nynorskvennar til å lage drama!



Dei siste 30 åra har Det Norske Teatret mista nær ein million kroner i året. ABE-reforma og underbudsjettering av pris- og lønsvekst har ført til ein kritisk situasjon for kulturinstitusjonane.

Nynorsk språk og norsk kultur taper terreng i eit stadig meir globalisert underhaldningstilbod. Det er ikkje mogleg å sitte stille og berre tilpasse seg kutt i løyvingane. Noko må skje!

Styresmaktene må ta omsyn til det spesielle forhåldningsdraget Det Norske Teatret har som et nynorske nasjonalteateret. Dei må følgje opp si eiga språklov ved å likestille Det Norske Teatret med Nationaltheatret.

Derfor har Det Norske Teatret starta kampanjen «Tett gapet». Målet er at løyvingane til begge dei nasjonale teaterane i hovudstaden kjem på same nivå. Det er naudsynt om teateret skal kunne halde på den posisjonen det har erobra.

Men mens vi ventar på staten, kan du bidra!

Skann QR-koden, og sjå korleis DU kan hjelpe Det Norske Teatret.



Støtt nynorsken – støtt Det Norske Teatret!



TETT GAPET

Stadig færre vil bli lærarar

På 63 av 70 utdanningstilbod for grunnskulelærarar er det **ledige studieplassar** allereie før søkjarane har byrja å takke nei.

■ Utdanningsforbundet oppmodar alle til å takke ja til lærarutdanninga, skriv Khrono.

På same tidspunkt i fjor var det ledige studieplassar på rundt 40 studietilbod for grunnskulelærarar. Totalt er det om lag 70 ulike utdanningstilbod på 11 universitet og høgskular for grunnskulelærarar.

Då søkjartala vart offentleggjorde i april viste det seg at studietilboda for grunnskulelærarutdanninga hadde stor nedgang over heile landet, også i dei store byane.

Leiar av Utdanningsforbundet Steffen Handal er djupt bekymra for lærerekrutteringa. Han oppmodar alle søkjarar som har fått plass på ei lærarutdanning til å takke ja til studieplassen dei har fått tilbud om.

– Eg håpar at alle som no blir tilbudne ein plass takkar ja og blir lærarstudentar til hausten. Vi treng absolutt alle, anten dei har søkt seg til barnehage-, grunnskule eller ei lærarutdanning som kvalifiserer for jobb i vidaregåande skule, seier Handal.



KIKJE FORELSKA I LÆRAREN: Det er sterkt fallande interesse for å bli lærar viser søkjartala for høgare utdanning.

Illustrasjon: Gorm Kallestad / NTB/ NPK

NPK

Dramatisk nedgang i søkjarar

Det er 21,1 prosent færre som har søkt lærarutdanning som førsteval enn i fjor, viser tal frå **Samordna opptak**.

■ Lærarutdanning er utdanningsområdet med størst prosentvis nedgang samanlikna med fjoråret. Til saman er det 18,2 prosent færre som har hatt lærarutdanning på førsteval, som har fått plass på lærarstudiet.

– Sjølv om det totalt sett er mange som ønskjer å bli lærar, ser vi at nedgangen i talet på tilbudne studieplassar held også fram i år. Nedgangen er størst i distrikta, men også lærestader i dei større byane opplever no lågare interesse for lærarutdanningane, seier direktør Sveinung Skule i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir).

I år har 8000 søkjarar fått tilbud om plass på eit lærarstudium, mot nesten 9800 i fjor. Totalt sett har talet som får tilbud om å byrje på ei lærarutdanning, gått ned over 30 prosent på tre år.

NPK-NTB

Brenna og Borch i spissen for ny lærarstrategi

Søkjartala til lærarutdanningane stuper. No skal det meislast ut ein ny strategi med mål om å **snu trenden**.

■ Sidan 2021 har talet på søkjarar til lærarutdanningane stupt frå 29.001 til 20.317 søkjarar. I same periode har talet på dei som fekk tilbud om studieplass, felle frå 11.482 til 8.003, ifølgje tal frå Samordna opptak, skriv Utdanningsnytt.

Tysdag vart det halde eit møte i Nasjonalt forum for lærarutdanning og profesjonsutvikling. I forumet diskuterte ei brei gruppe, som mellom anna består av styresmakter, utdanningsinstitusjonar, lærarorganisasjonar og arbeidsgivarorganisasjonar, utviklinga av lærarutdanningane.

Rekordmange fekk plass på kvenskstudium

Det har i år vore stor interesse for eit kvensk årsstudium og bachelor i kvensk og finsk på **UiT Noregs arktiske universitet**.

Rekordmange studentar, 46, har fått plass på årsstudiet i kvensk, og 31 har fått plass på kvensk/finsk bachelor, skriv NRK.

Grappa vil no jobbe ut ein ny strategi for lærarutdanningane.

– Felles mål her er at det er kvalifiserte lærarar som skal stå for lærarjobben, seier kunnskapsminister Tonje Brenna (Ap). Ho seier at ein slik strategi vil innebere ei forplikting til å følgje den opp.

Arbeidet skal konkretiserast utover hausten, og forskings- og høgare utdanningsminister Sandra Borch (Sp) håpar å kunne sjå resultat allereie i neste års søkjartal til lærarutdanningane.

– Det er jo det som er målet. Det er det ingen tvil om. Vi treng rekruttering til lærarar både i barnehage og skule, seier ho til Utdanningsnytt.

NPK-NTB

I den ferskaste utgivinga til barnebokforfattar **Maria Parr** prøvar ho å setje ord på det heilt elementære: kvardagen og alt han inneber. Og forteljinga – ho skal skje på barna sine premissar.

– Kvardagen er som ei open skattekiste

ELINE KRØVEL – NPK
eline.krovel@npk.no

■ – Eg hugsar det sjølv frå min eigen barndom. Det at mamma og pappa syntest noko som var mitt, noko eg syntest var morosamt, var bra eller artig, det var utruleg kjekt.

I *Oskar og eg* følger vi søskenparet Ida og Oskar og alle stadane dei held til. I akebakken, furuhytta, onkelhuset, på barnerommet, skulevegen og på elvesafari i reserverøyret ved elvemunninga. Til saman famnar boka om det heilt ordinære: det mikroskopiske og det heilt store som til saman utgjer kvardagen.

– Det er første gongen eg vrir blikket innover mot kvardagen. Eg har tenkt mykje på kva som er igjen til slutt når alt kjem til alt, og det trur eg er kvardagen og kvardagen slik han var då vi var små, seier Maria Parr.

Og å skrive om kvardagen, var som å opne ei skattekiste for henne.

– Ein har jo berre mykje erfaringar med kvardag, ler sunnmøringen. Det var noko anna enn det eg hadde skrive før, så det var nytt og friskt for meg. Det var fint å sette seg ned og prøve å sette ord på dei heilt grunnleggjande ordlause små tinga.

Barneblikket

Forlaget Samlaget titulerer henne som superstjerna av norsk barnelitteratur, og gjennom eit snart tjue år langt forfatterskap har Maria Parr hausta både gjæve pri-



FINN BARNET I SEG: – I bøkene er ikkje eg oppdragaren, då er eg barnet, seier Maria Parr. Ho freistar alltid å skrive bøker på barna sine premissar.

sar og internasjonal suksess.

Det er likevel i ein audmjuk vestlandsheim, omsveipt av låg skodde og regntunge, trekledde fjell, barnebokforfattaren føler seg mest heime.

– Det kan hende at sidan eg har flytta heim igjen og har tilgang på alle desse småplassane eg hadde då eg var lita, at

eg set ekstra pris på dei. Det er i alle fall rammeverket: alle desse småplassane vi lever i kvar dag.

På Fiskå i Vanylven heilt sørvest på Sunnmøre, bur Maria Parr saman med familien. Her jobbar ho som forfattar på heiltid. Småbygd livet tek ho med seg inn i bøkene sine.

– Det er ikkje noko program

eg har som gjer at eg skriv om bygda, men det er det eg kjenner til. Det er ofte at eg tenker at eg gjerne skulle ha skrive om både det eine og det andre, for eg synest det er viktig at alle barnommar blir spegla i barnelitteraturen. Men eg får ikkje så godt til å skrive om noko anna enn det eg kjenner sjølv.



DEN UNIVERSELLE BYGDA: På Fiskå i Vanylven heilt sørvest på Sunnmøre, bur Maria Parr saman med familien. Småbygd livet tek ho med seg inn i bøkene sine. Trass i den lokale forankringa, har Maria Parr gjort internasjonal suksess.

Braksuksessen Vaffelhjarte kom ut då Parr var 24 år og student. Prisivinnaren Tonje Glimmerdal kom ut berre nokre år seinare.

– Då eg skreiv Vaffelhjarte og Tonje Glimmerdal trur eg ikkje at eg ein einaste gong identifiserte meg med dei vaksne.

Etter desse utgivingane har ho fått tre barn og kan ikkje lenge sjå seg tilbake. Når ho skriv derimot, nyttar ho sjansen til å rømme frå foreldrerolla og inn i barnesinnet.

– Etter eg har vore i oppdragarrolla sjølv, er det umogleg å ikkje ta det perspektivet. Men i bøkene er ikkje eg oppdragaren, då er eg barnet. Det er veldig frigjerande.

Når ho skriv, er det også det perspektivet ho prøvar å halde fast ved. Det er barna ho først og fremst vender seg til.

– I den grad eg ser føre meg ein lesar, så er det veldig ofte i form av ein høgtlesingssituasjon. Sjølv om eg veit at eg ofte har ein vaksen lesar, prøvar eg å ikkje skrive noko som ekskluderer barnelesaren.

Det er ei viktig øving for meg når eg skriv barnelitteratur, at det skal vere på barna sine premissar.

Lommene og forløyninga

Å skrive har vestlendingen gjort sidan ho var lita.

– Eg trur det er ein av dei få konstantane eg har hatt, fortel ho.

Lesarfavorittane, Lena og Trille, som vi møter i Vaffelhjarte og oppfølgjaren Keeperen og havet, har ho hatt med seg heile livet og fortalt om til søskena sine gjennom oppveksten. Sjølv om alle bøkene ho har gjeve ut, er lagde til småbygder som kan likne på vestlandsbygda ho sjølv har vakse opp i, avslører ho at ingen av påfunna og sprella karakterane finn på, er basert på ekte hendingar.

– Nei, ingen skal vere redde for å hamne i ei bok. Ein trampoline som blæs vekk, det har skjedd, men elles finn eg veldig stor glede i å dikte. Det er jo det som er kjekt.

Men det er ikkje alltid brikkene fell like godt på plass.

– Det er ikkje så ofte eg gir ut bok, så inn i mellom kvar bok er det mykje eg ikkje får til. Det er jo dette som er jobben min og dette eg held på med heile tida, så det seier seg sjølv at det er mykje som ikkje går som det skal. Men det er ein veldig god følelse å ha, når ein endeleg finn noko som funkar.

Og det gjorde det med Oskar og eg. Boka kjem også ut som på lydbok, og det er forfattaren sjølv som har lese inn.

Sidan første utgiving har ho turnert landet rundt på skulebesøk og lese høgt frå bøkene sine.

– Eg legg ein stor del av forfatteridentiteten min i det som går på formidling. Ungar har kanskje ikkje så mange lommer i løpet av dagen der dei kan berre sitte å få ta i mot. Det er så lett å tenkje at no må alt vere så svært, men mi erfaring er at det held i massevis å berre sette seg ned å lese høgt.

– Så lenge ein ikkje held på for lenge, ler ho.

“ **Det kan hende at sidan eg har flytta heim igjen og har tilgang på alle desse småplassane eg hadde då eg var lita, at eg set ekstra pris på dei. Det er i alle fall rammeverket: alle desse småplassane vi lever i kvar dag.** ”

Tusen takk! Mellom 9. juni og 14. september fekk Noregs Mållag 315 760 kroner i gåve. Det set me umåteleg stor pris på. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikra nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve? Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. Du kan også senda IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490.

Takk!

AUST-AGDER MÅLLAG

Hallvard Tveit Berg
Johannes Havstad
Gerd Fosse Hovden
John Gustav Johansen
Roy William Johansen
Björg Marie Krog Kleiven
Ragnar Kaasa
Jorunn Lande
Birgit Lidtveit
Jon Kolbjørn Lindset
Kåre Mogstad
Rune Nylund
Signe Alise Olstad
Sigrid Björg Ramse
Svein Olav Ramse
Astrid Stuestøl Sandkjær
Magnhild Synnøve Skjeggedal
Johannes G. Torstveit
Olav Vehus
Jens Vellene
Olav Torj Åkre

AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge
Brynjulv Aartun
Syver Berge
Ole Bjerke
Jon Steinar Bredeveien
Liv Jorun Braastad
Ivar Bungum
Ingvild Marie Eknes
Tordis Irene Fosse
Anders G. Fretheim
Kristin Fridtun
Randi Therese Garmo
Berit Gommæs
Kjell Gulbrandsen
Erik Hanssveen
Olav Haraldseid
Magnhild Harsheim
Gaute Elvesæter Helland
Mette Ragnhild Helle
Bjarte Hole
Ola Holen
Kari Haave
Helen Johannessen
Helene Strand Johansen
Per Rolf Johnsen
Ola Jonsmoen
Arnfinn Kjelland
Håvard Kleiven
Harald Kleppe
Inger Margrethe Kyllingstad
Grete Langodden
Anders Jan Larsson
Ingrid Hanna Johanne Laugslet
Otto Viken Lauvålien
Tove Henny Lehre
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Anne Midtbø
Asbjørn Myrvang
Jøgrim Nordsletten
Odd Arne Nustad
Olaf Nøkleby
Jørgen Nørstegard
Oddvar Romundset
Jon Olav Ryen
Jørn Rødølen
Ola Skrinde
Egil Skullerud
Arne Skuterud
Bjørn Otter Skåret
Nils Steinar Slapgård
Liv Solheim
Sverre Sørbø
Olav Teppen
Ola Tronsmoen

Lars Ullgren
Olav Veka
Magne Velure
Berit Østmoen
Rune Øygard
Bjarne Øygarden

BUSKERUD MÅLLAG

John-Ragnar Kvam Aarset
Bjarne Bratås
Herbjørn Brennhovd
Per Drabløs
Hans-Ove Grostølen
Syver Hjelmen
Frode Kinserdal
Gunhild Lien
Kristin Lindberg
Klaus Lågøyr
May Johanne Molund
Arne Ommedal
Gro Randen
Øystein Rosse
Ola Ruud
Knut H. Skrindo
Kjell Snerte
Grethe Sollien
Einride Tinjar
Torun Torsteinsrud
Sigrun Torsteinsrud
Øystein Velure
Ragnhild Gudrun Vikesland
Anders Olav Vøllø

FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN

Bergfinn Aabø
Solveig Fiskvik Aamodt
Reidar Aasgaard
Ruth Amdahl
Gurid Aga Askeland
Børre Austmann
Anfinn Bernaas
Rakel Bjerke
Erlend Bleie
Reidar Borgstrøm
Torill Lund Born
Kari Hjørdis Brandal
Karen Bø
Ola E. Bø
Gudrun Maria Vetleseter Bøe
Tormod Bønes
Kari de la Cour
Åsulv Edland
Tove Karina Eidhammer
Tove Ekre
Kirsten Osmo Eriksen
Turid Farnbrege
Brit Ragnhild Øydna Fisknes
Jon Folkedal
Jon Fosse
Sjur Joakim Fretheim
Kim S. Fureli
Tor Gabrielsen
Oddrun Grønvik
Gunnvald Grønvik
Karl S. Halse
Erik Hardeng
Anna Sigridsdatter Heen
Ola M. Heide
Solveig Helleland
Sigrun Heskestad
Audun Heskestad
Edvard Hoem
Kjetil Torgrim Homme
Karin Strand Hovbrender
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein Høgåsen
Ingeborg Hauge Høyland

Nils Norman Iversen
Øystein Jetne
Jens Kihl
Laurits Killingbergtrø
Harald Sverdrup Koht
Bård Kolltveit
Dagrun Kvammen
Edvard Lauen
Tor Einar Ljønes
Trond Øivindsson Lunde
Inger Lunga
Anders Lunnan
Wenche Irene Melby
Per Helge Mork
Arnold Mundal
Finn Måge
Johan Nedregård
Øystein Njål Nordang
Sylvi Penne
Alain Egil Adrian Ramdal
Yngve Rekdal
Asbjørn Roaldset
Gunnar Rusten
Asbjørge Engbø Rystad
Birgitte Sandve
Kari Rysst Seemann
Gunnvor Fykse Skirbekk
Synnøve Skjong
Arve Skutlberg
Inger Elise Solevåg
Sigrid Solheim
Idun Stokka
Sissel L. Sæbø
Halvor Tjønn
Øystein Tormodsgard
Kristen Turtum
Steinar Tveitnes
Johan Kristian Tønder
Erik Ulfsby
Synnøve Ulvik
Ivar Vasaasen
Werner Vesterås
Lars Sigurdson Vikør
Per Ivar Vaagland
Olav Morten Wang
Hildegunn Wergeland
Gunn Bjørg Wisløff
Herlov Øverland
Kristen Øyen

HORDALAND MÅLLAG

Olav Aas
Livar Aksnes
Solveig Almås
Svein Schrøder Amundsen
Dag Amundsen
Arne Andersen
Arnfinn Jørgen Ansok
Arild Berge
Marit Berge
Maria Severine Øvstebø Berge
Veslemøy Bergo
Eli Bergsvik
Tone Birkeland
Rannveig Bjørkum
Bjørn Bjørlykke
Solveig Bjørsvik
Olaug Boge
Oddbjørn Borge
Arne Brattabø
Tor Brattebø
Nils Georg Brekke
Reidar Bremerthun
Gunnvor Sigrun Bringeland
Andre Otto Brunstad
Nina Mork Brunvoll
Bjarne Buene
Jostein Buene
Aud-Sissel Bøe
Reidar Dale

Arve Dale
Knut O. Dale
Kristian Djuvslund
Inge Draugsvoll
Jenny Dugstad
Torbjørn Dyrvik
Bjergulv Johan Eik
Ingunn Eitrheim
Nils Dale Elde
Reidun Emhjellen
Yngve Endal
Øystein Erstad
Rune Fjeld
Arne Fjelde
Bergit Utne Fjelde
Astrid Anne Fjeldstad
Sverre Fjell
Erling Fjærestad
Torill Foldnes
Harald Frønsdal
Mathias Furevik
Knut Martin Fylkesnes
Jostein Gimmestad
Hans Gjerde
Paul Kåre Gjuvslund
Lars Gjostein
Endre Grutle
Solveig Grønlien
Johnny Handeland
Eli Hanto
Lars Ove Olafsson Harnes
Torbjørn Haukås
Åshild Haukås
Sigbjørn Heie
Bjarte Helle
Aslak T. Helleve
Knut Johannes Helvik
Linn Hjartnes Henjum
Jan Kåre Henriksbø
Robert Hermansen
Kjartan Hernes
Olrun Hild Hillestad
Marit Hjartåker
Åse Hjelle
Eivind Hjelle
Johan Hjortås
Oddfrid Hole
Kåre J. Hole
Grete Oline Hole
Karl Johan Holmås
Arnfinn Hopland
Irene Hunskaar
Oddmund Hus
Line Hystad
Evelyn Høysæter
Reidar Instanes
Johanne Telnes Instanes
Else Jerdal
Ole-Jørgen Johannessen
Ingvild Jøsendal
Randi Jåstad
Terje Kollbotn
Anna Aakre Kråkevik
Magne Kvæven
Ane Landøy
Åsmund Lien
Torgrim Ljønes
Alvhild Lofthus
Torunn Lygre
Torun Lyssand
Torolv Læg Reid
Torstein Lønning
Frode Mannsåker
Margunn Rydland Melkersen
Anne Marie Midtbø
Arvid Midttun
Leif Bjørn Monsen
Olav K. Morken
Lillian Morvik
Marit Mulelid
Jostein Mykletun
Einar Mykster
Nils Mæhle

Gunnlaug Møen
Eldbjørg Møllerup
Björg Odlaug Måge
Johannes A. Måge
Marit Nedreli
Arne Olav Nilssen
Helge Martin Nygård
Gyrid Cecilie Nygaard
Egil Nysæter
Gunnvor Eggebø Næss
Asle Nævdal
Jorunn Odland
Odd Jøran Oldervik
Randi Olsen
Astrid Olsen
Åse Opheim
Aud Oppedal
Olai Otterå
Anfinn Otterå
Kjell Paulsen
Johnny Ottar Pedersen
Harald Prestegard
Astrid Oddbjørg Reigstad
Berit Reinsaas
Lars Riise
Liv Bjørnebøle Saghaug
Inger Marie Saltnes
Solbjørg Åmdal Sandvik
Helge Sandøy
Heidi Seilfaldet
Lars Sekse
Johannes H Sekse
Mons Ole Dyvik Sellevold
Bjarne Skarestad
Gunvald Skeiseid
Gunnar Skirbekk
Arne Skjervan
Bjarne Skjold
Harald Skorpen
Kaare Skaala
Hermund Slaattelid
Kari Smith
Jostein Småbrekke
Erling Småland
Harry Solberg
Turid Solberg
Ragnhild Edith Solvang
Elise Solvåg
Halldis Spilde
Idar Stegane
Arjen L. H. Stolk
Nelly Storebø
Gerhard Inge Storebø
Hans L. Strømsæther
Thea Sunde
Rolf Sigmund Sunde
Målfrid Sundvor
Åshild Sveinsgjerd
Ingebjørg Dønhaug Sæbø
Borgny Særsten
Olav Sønnesyn
Ingebjørg Søreide
Johannes Teigland
Annbjørg Tistel
Kjell Arne Tokheim
Johan Torekoven
Torgeir Torvik
Tora Tønder
Harald Ulland
Anne-Lise Ullebø
Olav Ulveseth
Oddbjørg Ulveseth
Brit Valland
Rigmor Nesheim Vaular
Unni Urdal Vedå
Aslaug Veland
Anders T. Veland
Aud Liv Hole Vike
Inger B. Vikøren
Agnes Råket Vågslid
Jon Ystanes
Nils Ivar Østerbø
Signy Øydvinn

KARMSUND MÅLLAG

Anne-Ma Eidhammer
Dorthea Sofie Erøy
Grete Fedøy
Lars Kjetil Flesland
Trygve Handeland
Svend Kjetland
Arne Langåker
Solveig Lunde
Signe Lønning
Björg Mannes
Paul Mølstre
Agnar Ståle Naustdal
Bjørn G. Nedrebø
Johannes Ness
Torleiv Nilssen
Lars Gunnar Oma
Geir Ragnhildstveit
Helga Reinertsen
Sigve Arthur Sakseid
Trygve Sandvik
Knut Selsaas
Tor Sigurd Selvåg
Olav Magne Skigelstrand
Njål Steinsland
Ernst Arne Sælevik
Lars Sævereide
Inghart Lasse Tveit
Åsmund Vinje
Ole Dag Østhus

NORDLAND MÅLLAG

Kåre Belsheim
Arne Buene
Jan Hana
Tore Moen
Kristian Stråmyr
Arne Harald Tøsse

NORDMØRE MÅLLAG

Aksel Aarflot
Oddveig Olava Marie Øren Aldal
Jon Kristian Aune
Styrkår Brørs
John O. Dønheim
Marie Flemsæter
Sverre Hatle
Johan Sigmund Heggem
Jorunn Magerøy
Oddvar Moen
Terje Ramsøy-Halle
Björg Reiten
Ingrid Rød
Rolv Sæter
Eirik S. Todal
Elen Maria Todal
Per Utne

ROGALAND MÅLLAG

Kjell Aardal
Gunnleiv Aareskjold
Torstein Aartun
Mona Aksdal
Sigmund Andersen
Kristen Bakka
Lars Egil Bakka
Johannes Bakka
Ola Birkeland
Bjarte Birkeland
Trygve Brandal
Geir Sverre Braut
Kirsten Marie Bue
Jan Inge Buene
Jan Egil Byberg
Alf Jan Bysheim
Gerd Helen Bø
Bent Eia
Ellen Einervoll
Lars Farkas
Åse-Berit Fidjeland
Ingrid Fiskaa
Otto Laurits Fuglestad

Helga Færøyvik
Ingrid Gjesdal
Rune Gramstad
Sigve Gramstad
Egil Harald Grude
Bente Grødem
Vigdís Gullberg
Kari Ingfrid Hatteland
Ola Hauge
Inge Haugland
Astrid Heigre
Halvard Helseth
Jan Johansen Hempel
Tom Hetland
Rasmus Hidle
Arvid Horpestad
Arna Høyland
Odd Arne Jakobsen
Anne Martha Kalhovde
Jens Kleppa
Anne Margrethe Kolnes
Tore O. Koppang
Reidar Kydland
Hallgeir Langeland
Mikkel Lid
Magnhild Lid
Tor Henrik Lind
Filip Missuno
Signe Muladal
Lise Lunde Nilssen
Anita Nordmark
Pernille Nylehn
Ingvar Olimstad
Leiv Olsen
Åshild Osaland
Marit Osland
Esther Ndayizeye
Phillibert
Torleiv Robberstad
Audun Rosland
Magne A. Roth
Atle Røe
Torhild L. Rørheim
Rolf Salte
Frode Sandve
Sigfrid Selsvik
Jostein Selvåg
Turid Børtveit Skjelstad
Ingeborg N Skjærpe
Martin Skrettingland
Kåre Skår
Wenche I. Sola
Brita Synnøve Solheim
Tom Soma
Torgeir Spanne
Sidsel Spilde
Hans Spilde
Marit Rommetveit
Staveland
Gaute Steinnes
Olav O. Sukka
Odd Sigmund Sunnanå
Brit Harstad Sværen
Svein Kåreson Søyland
Tora-Liv Thorsen
Rigmor Tornes
Gunnar Totland
Oddbjørn Tunheim
Aslaug Marie Undheim
Randi Ese Ur
Ottar Vandvik
Astrid Apalset Vassbø
Arve Vedvik
Audun Vevatne
Ingeborg G. Vigre
Klara Vik
Atle Ingar Vold
Ketil Volden
Askill Voll
Hege Wiik
Viggo Østebø

ROMSDAL MÅLLAG

Ingar Aas
Dagrun Gjelsvik Austigard
Henning Austigard
Målfrid Bakken
Marit Bergheim
Leif Erik Bolsø
Petter Dahle
Åse Digernes
John Ekroll
Einar Gridset
Kåre Magne Holsbøvåg
Ranveig Jensen

Harald Krøvel
Arnhold Digernes Krøvel
Tor Kvaldsheim
Arne Lerum
Bergfrid Færøyvik
Lindøy
Per Løvik
Martinus Løvik
Knut Romestrand
Marit Sandvik
Per Arne Skomsø
Britt Elise Skram
Oddmund Svarteberg
Dagfinn Sørnum
Jorunn Valde
Kjell Johan Vatne
Kathrin Villa
Øystein Øye

SOGN OG FJORDANE MÅLLAG

Lise Aasen
Bente Kvernevik Berstad
Olaug Marie Bjelde
Olaug Brekke
Ole Reinhart Bugjerde
Jakob Devik
Trygve Dyrvik
Tor W. Eikemo
Annbjørg Eikenes
Gjertrud Eikevik
Hans Engesæt
Johannes Flaten
Sverre N. Folkestad
Jan Martin Frislid
Siri Bente Fuhr
Ottar Færøyvik
Einar Gautefall
Asbjørn Geithus
Håkon S. Giil
Oddvar Gjelsvik
Arne Gjeraker
Kari Gravdal
Dagfrid Grepstad
Borghild Guddal
Jon Gåsemyr
Audun Hammer
Margit Hovland Hamre
Hans Haugen
Oddstein Haugen
Bjarne Havro
Knut Helgesen
Olaug Elisabeth Sætrum
Holt
Ragnar Hove
Nils Husabø
Liv Husabø
Målfrid Husnes
Siv Anne Haaheim
Martha Systad Iden
Toril Jakobsen
Anna Skadal Jonstad
Ingunn Kandal
Per Kjelstad
Lars Kjøde
Ola Kjørstad
Kirsten Gram Kristiansen
Aage Kvendseth
Hildegunn Kvisstad
Liv Janne Kvåle
Bjarne Kaarstad
Ivar B. Kjølraug Larsen
Øystein Lavik
Bjørge Dombestein Lofnes
Jan-Rolv Loftesnes
Jorunn Loftesnes
Rune Lotsberg
Håkon Lundestad
Vidar Læg Reid
Kolbjørn Løken
Jan Helge Løvik
Terje Erik Moe
Knut Moen
Ragnhild Skogen Molde
Randi Bjørg Myklebust
Knut Ole Myren
Oddvar Natvik
Olav Nedrebø
Gudlaug Nedrelid
Julie Kristine Ness
Gunnvor Ness
Astrid Marie Nistad
Odd Njøs
Stein Bugge Næss
Per Scott Olsen

Asbjørg Ormberg
Oddbjørn Ramstad
Jon Ramstad
Sæmund Kjetil Rindal
Henning Leiv Rivedal
Bergljot Konglevoll Ry-
sjedal
Signe Marie Rønnekleiv
Bjørn Rørtveit
Steinar Røyrvik
Margot Sande
Idunn Amalie Sandemose
Laila Hov Sandnes
Jorunn Sandvik
Marta Kari Schawlann
Per Sigve Selseng
Anders Skarestad
Einar Skeie
Knut Atle Skjær
Synneva Kolle Solheim
Kirsti Solheim Stegane
Irene Stokker
Geir Liavåg Strand
Karsten F. Sund
Sigrid Svartefoss
Gunnhild Systad
Jorunn Systad
Herfinn Takle
Anne Grethe Tveit
Ragnhild Tveit
Solrun Ullaland
Johan Varlid
Marit Breilid Velle
Oddfrid Vereide
Lars Øyvind Vikesland
Oddhild A. Voll
Ingebjørg Voll
Ingebjørg Voll
Magni Voss
Magni Øvrebotten
Vidar Åm

SUNNMØRE MÅLLAG

Inger Aarflot
Ottar Aashamar
Eigil Bele
Solveig Astrid B. Bendixen
Sigmund Bjerkvik
Ole Arild Bø
Siv Dimmen
Norunn Margrethe
Dimmen
Steinar Dimmen
Magne Drabløs
Atle Døssland
Marit Veiberg Eide
Knut Falk
Ann Britt Våge Fannemel
Jørund Fet
Jostein Fet
Gunn Berit Gjerde
Tore Gjære
Borghild Ø Goksøy
Kyrre Grimstad
Harald Grimstad
Øystein Grønmyr
Elisa Giskeødegård
Hareide
Ingunn Haus
Jorunn H. Henriksen
Reidun Hunnes
Astri Hunnes
Knut Oddvar Hustad
Ingrid Runde Huus
Jørund Kile
Jakob O. Kjersem
Terje Kjøde
Jostein Korsnes
Stein Olav Kvalø
Einar Landmark
Odd Larsen
Torunn Sandnes
Lidarende
Anne Lise Lunde
Helge H. Moe
Roger Nedreklepp
Magny Marie Nerem
Dorthe Mari Nordahl
Harald Nordang
Trine Naadland
Lars Omenås
John Osnes
Bjørnar Osnes
Britt Oterholm
Vidar Parr
Karl Ramstad

Torbjørn Rekdal
Torleiv Rogne
Greg Rotevatn
Gunder Runde
Olga Støylen Runde
Anni Selma Rusten
Magnar Rønstad
Mariann Schjeide
Else Synnøve Skarbø
Kjartan Snipsøy
Jarle Solheim
Endre Standal
Bastian Sætre
Ragnhild Sørdal
Ingrun Sørås
Geir Steinar Tandstad
Per Svein Tandstad
Randi Flem Ulvestad
Åse Irene Vestre
Eldrid Vik
Bodil Waldal
Sveinung Walseth
Knut Ytterdal
Øyvind Østvik

TELEMARK MÅLLAG

Dyrsku'n Arrangement AS
Sveinung Astad
Gunhild Berntsen
Lars Bjaadal
Halgeir Brekke
Tjøstov Gunne Djuve
Olav Rune Djuve
Gunhild T Dølen
Per Engene
Per Espeland
Knut Espelid
Olav Felland
Sigrid Fonnliid
Sigrid Fundlid
Anne Karin Funner
Oscar Johan Garnes
Hans Magne Gautefall
Nils K. Gjerde
Asbjørn Nes Hansen
Kristian Ihle Hanto
Ingebjørg Hanto
Knut T. Haugen
Svanhild Haugen
Ragnhild Hovda
Hallgrim Høydal
Margit Ims
Jon Ingebretsen
Arne-Birger Knapskog
Tove Kvaale
Kjetil Langåsdaalen
Halvor Løken
Tove Løyland
Sigrun Garvik Moen
Hilda Helene Neset
Sigrid Nordskog
Sigrid Marit Finnseth
Nykos
Jakob Olimstad
Anne Ingebjørg Ruth
Børre Rønningen
Per Skaugset
Tone O. Stuvrud
Olav Teigen
Olav Teigland
Olav Tho
Kari Tveit
Alf Torbjørn Tveit
Aase Marie Ulberg
Tor Valle
Einar Versto
Kjell Vistad
Johan Vaa
Nils Østensen
Halvor Øygarden

TROMS OG FINNMARK MÅLLAG

Nils Aarsæther
Bente Benjaminsen
Odd Borch
Terje Christoffersen
Terje B. Dahl
Sveinung Eikeland
Bjarne Eilertsen
Torgeir Engstad
Eldbjørg Gjelsvik
Lillian Bernes Hay
Kjell Heggelund
Olav Gaute Hellesø

Olaug Husabø
Kjellaug Jetne
Ellen Skjold Kvåle
Erik Lemika
Tyra V. Mannsverk
Ola Melby
Magnar Mikkelsen
Valborg Myklebust
Atle Måseide
Kjell-Per Nilssen
Ole Edgar Nilssen
Ove Arild Orvik
Gerd Sivertsen
Prestegard
Guro Reisæter
Elisabet Sausjord
Sunniva Skålnes
Anne Marta Steinnes
Birger Vang

TRØNDERLAGET

Svein Aarnes
Reidar Almås
Eli Aune
Hallgerd Aune
Randi Avelsgaard
Håvard Avelsgaard
Kjell Bardal
Ivar Berg
Karl-Ove Bjørnstad
Mathias Bruheim
Olaug Denstadli
Ola Stuggu Fagerhaug
Helge Fiskaa
Svein Arild Fjeldvær
Asbjørn Folkvord
Arne A. Frisvoll
Størker Garberg
Oddbjørn Gorsetbakk
Mikal Gorsetseter
Jon Grønliid
Anders Gustad
Eina Hermann
Kjellrun Hersund
Herlaug Hjelmbrække
Astrid Hoem
Knut Holmen
Ola Huke
Sigrid Haavik
Kirsten Inderberg
Inger Sandvik Jarstein
Åke Junge
Marte Elise Kristoffersen
Olav Kuvås
Per Knut Kvande
Ingvild Årøen Lein
Håkon Lasse Leira
Jens Loddgard
Lars Kolbjørn Moa
Håvard Moe
Tore Moen
Hermann Moshagen
Magne Måge
Lars Nygård
Idar Næss
Solveig Otlo
Herman Ranen
Kristian Risan
Helge Rypdal
Anders Sakrisvoll
Rutt Olden Skauge
Oddny Pauline Skeide
Åsmund Snøfugl
Ingebjørg Sogge
Arne Solstad
Odd Sigmund Staverløkk
Arnt Stavseth
Eldar Jens Straume
Svein Bertil Sæther
Sverre Sævareid
Jan Sørås
Aud Mikkelsen Tretvik
Espen Tørset
Anne Jorunn Vikdal
Harald Vik-Mo
Ann-Merethe Voldsund
Beret Wicklund
Aa. Bjørgum Øvwe

ØSTFOLD MÅLLAG

Kjetil Aasen
Asgeir Bjørkedal
Eldbjørg Johanne Giske
Christian Kielland
Helene Myran Klokke
Per Thorvald Larsen
Inge Monefeldt
Jørn Egil Zøllner

YRKESMÅLLAG

Kjellfrid Bøthun
Anders Bøyum Halvorsen
Sissel Hole
Rønnaug Kattem
Kjell Harald Lunde
Helge Monstad
Arne Exner Nakling
Aagot Opheim
Borge Otterlei
Linda Plahte
Frode Ringheim
Bjørgulv Rygnestad
Haldor Slettebø
Lars Helge Sørheim
Odd Einar Sørås
Turid J. Thune
Sigrid Tyssen
Torgeir Urdahl
Birger Valen
Bodvar Vandvik
Vidar Ystad

BEINVEGES INNMELDE

Torstein Finnakk
Knut Følstad
Egil Andreas Helstad
Sverre Kulstad
Herborg Lillebø
Elin Halsen Mevassvik
Åse Floa Steinrud
Gro Einrem Volseth

VALDRES MÅLLAG

Ingeborg Aaslie
Toralf Baldersheim
Olav Gullik Bø
Inger Solveig Bø
Reidun Espeseth

Alt tyder på at nynorskversjonen av verdssuksessen **Frost** kjem til dra fulle hus utover hausten, men det er likevel ikkje nok til å berga Det Norske Teatret slik me kjenner det. Heile målrørsla drog til Arendal for å slå alarm.



SPRÅKDEBATT: Frå venstre: Peder Lofnes Hauge, Svein Olav Langåker, Monika Haanes også Torstein Tvedt Solberg (Ap) og Alfred Bjørlo (V).

Frost kan ikkje åleine redde Det Norske Teatret:

Målrørsla slår alarm

JANI FARDAL - NPK
jan.inge.fardal@npk.no

■ Målrørsla og Det Norske Teatret (DNT) slo på stortromma då nynorsk for første gong var hovudtema under Arendalsveka. Programpositen «Vil den nye språklova redde nynorsken?» vart opna av vokalist Mimmi Tamba og urpremierer på nynorskversjonen av monsterhiten «Let it go», eller «Det må ut» frå *Frost*, som kjem på DNT denne hausten.

Den var eit godt oppspel til direktør for Språkrådet, Åse Wetås, som i si innleiing peika på at det offentlege har eit særleg ansvar for å gjera nynorsk meir synleg som bruksspråk.

– På den bakgrunnen er det svært beklageleg at årlege tilsyn avdekkjer at fleire statsrådar slurvar grovt mot dette. Det er mange departement

som bryt språklova, konstaterte Wetås.

Sanksjonar må på plass

I samtalen mellom teatersjef Erik Ulfsby ved Det Norske Teatret, leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge, dagleg leiar i Nynorsk Bedriftsforum, Monika Haanes Waagan og Svein Olav Langåker, som er dagleg leiar i Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, gjekk spørsmålet om korleis ein kan få på plass sanksjonar for brot på språklova att.

Fleire, som Lofnes Hauge, konstaterte at språklova er eit godt verktøy for å styrkja nynorsken, men at lova treng sanksjonar.

– Det må svi på pungen å bryta språklova, sa leiaren i mållaget i ein samtale der det etter kvart kom klart fram at rammene for DNT er like viktige som å få på plass sanksjo-

nar for brot på språklova. Teatersjef Erik Ulfsby peika i sitt innlegg på at det i førearbeidet til språklova vart slått fast at Det Norske Teatret «spelar ei vesentleg rolle for å fremje nynorsk og gje språket ei sentral rolle i samfunnet».

Manglar mange millionar

Ifølgje teatersjefen har DNT dei siste åra vorte mindre og mindre i stand til å spela den rolla som det her er lagt opp til. Forklaringa er at teateret har sakka etter Nationaltheatret når det gjeld statlege løyvingar – det er snakk om eit gap på heile 25 millionar kroner.

– Dette har skjedd gradvis i fleire år, men vår publikumssuksess fram til pandemien skjulte den veksande skilnaden i løyvingane til dei to nasjonale teaterinstitusjonane i hovudstaden. Etter pandemien har dette vorte meir og meir merk-

bart, og i dag er det grunn til å stilla spørsmål ved kor lenge me er i stand til å halda oppe den aktiviteten me har, sa Ulfsby.

DNTs økonomiske krise har vore kjent ei stund, og i juni vart ein aksjon som heiter Tett gapet, starta. Denne har som mål at dei to nasjonale teatera skal handsamast likt – at dei skal få same årlege tilskot.

Samla målrørsla

Leiaren i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge gjorde det klart at dette er den viktigaste saka for målrørsla nett no.

– Heile nynorsksamfunnet står bak Det Norske Teatret i denne saka. Me kjem til å masa om desse pengane til dei kjem. Det er heilt nødvendig med ein auke på 25 millionar kroner, sa Hauge.

Fleire gav undervegs i samtalen, som Astrid Versto leia, uttrykk for at det også



Waagan og Erik Ulfby diskuterer Språklova under Arendalsveka. Med i debatten var



FROST PÅ NYNORSK: Mimmi Tamba opptreer med «Let it go», hitsongen frå Disneyfilmen «Frost» under Arendalsveka. På nynorsk har songen fått tittelen «Det må ut».

vil vera ein viktig milepåle for målrørsla om ein klarar å få på plass like statlege løyvingar til dei to nasjonale teatera i hovudstaden.

– Tenk kor mange born i Oslo som vil få sitt første møte med nynorsk utover hausten, etter at *Frost* har hatt premiere i midten av oktober. Me kan ikkje risikera at slike tilbod blir borte i framtida, sa mållagsleiaren.

Positive politiske signal

Dei to stortingsrepresentantane i panelet, Alfred Bjørlo frå Venstre og Torstein Tvedt Solberg, som er kulturpolitisk talsperson frå Arbeidarpartiet, var ikkje spesielt usamde - verken om språklova eller om trongen for auka løyving til DNT.

Begge var samde i at språklova er eit godt verktøy, men at før det blir innført eventuelle sanksjonar bør vera ein skikkeleg politisk runde i Stortinget

om dei førebelse konsekvensane av den halvtanna år gamle lova.

– Det går tregt i den store norske staten, konstaterer Tvedt. Han var likevel samd i at det er alvorleg når tilsynet frå Språkrådet avdekkjer at så mange offentlege etatar bryt lova - og at dette ikkje er akseptabelt på litt sikt. Tvedt var også, utan å lova noko i nokon retning - «rimeleg» optimistisk med tanke på uttellinga for kulturen i det kommande statsbudsjettet.

Alfred Bjørlo peika på at med ein statsråd frå nynorskbyen Bergen, hovudstaden i nynorskfylket Vestland, er det all grunn til optimisme både for nynorsk og for DNT.

Og slik tolka også teatersjef Erik Ulfby signala frå dei to stortingsrepresentantane.

– Ja, dette var gode signal som gir grunn til optimisme for oss, sa teatersjefen.

Den nynorske Elsa: – Eit svært poetisk språk

– Det er første gong eg skal syngja denne songen for nokon – det er spesielt, sa vokalist **Mimmi Tamba** til NPK før urpremierer på «Det må ut» på scena i Arendal.

■ Det er Tamba som spelar Elsa i den nynorske versjonen av *Frost* som har premiere på DNT 14. oktober. Ho hadde varma opp stemma i bilen saman med musikalsk sjef på DNT, Svenn Erik Kristoffersen, på veg til teltet i sørlandsbyen.

Etter ein svært vakker urpremiere, og på veg inn att i bilen for retur til Oslo og nye prøvar før premieren, er det naturleg å spørja kva forhold ho, som oppvaksen i Tromsø, har til nynorsk. Med snart fem år på baken i DNT svarar Mimmi at ho har utvikla eit nært og godt forhold.

– Eg er vorten skikkeleg glad i og skriv faktisk dikt på nynorsk. Det er eit svært poetisk språk. Du kan ta opp vanskelege tema på ein kvardagsleg måte og faktisk baka inn humor i alt alvor, seier songfuglen og skodespelaren frå nord.

NPK

“ **Nynorsk er eit svært poetisk språk. Du kan ta opp vanskelege tema på ein kvardagsleg måte og faktisk baka inn humor i alt alvor.**

Mimmi Tamba, Elsa i nynorskversjonen av Frost

■ **kviss** • Audun Skjervøy

- 1 I kva sørlandsby var Aasmund Olavsson Vinje lærar i 1840-åra?
- 2 *Alle mot alle* heiter essaysamlinga. Kva heiter forfattaren?
- 3 Kva forfattar er aktuell med boka *Oskar og eg*?
- 4 I år blei han ikkje refusert på haustutstillinga, men får stille ut målarstykket «Redemption». Kven dreier det seg om?
- 5 Kva rovdyr gjer årleg dei største innhogga i beitande småfe i Noreg?
- 6 Når blir jakttida for hjort og elg vanlegvis avslutta i Noreg?
- 7 Kva marknadsdel har elbilar av nybilsalet til no i år?
- 8 Kva heitte den norske elbilen i eit elbileventyr som var ute nesten før vi fekk sagt snipp, snapp, snute?
- 9 Kva forbind du med namnet Mahsa (Jina) Amini?
- 10 Kva år var den iranske revolusjonen?
- 11 Ein mislykka avtale mellom ein stat og ein organisasjon som representerer eit statslaust folk, feirar 30-årsjubileum i år – kva avtale?
- 12 Kva regissør står bak filmen *Fedrelandet*?
- 13 Han stod bak arbeidarfilmtrilogien *Lenkene brytes, Det drønner gjennom dalen* og *Det gryr i Norden*. Kva regissør, litteraturvitar og målmann dreier det seg om?
- 14 Kva er nemninga på ungfisk av laks som er klare for å vandre ut i saltvatn?
- 15 Kva artar av anadrom laksefisk lever i Noreg?
- 16 Ein storm førte i første halvdel av september til store øydeleggingar i land rundt Middelhavet. Kva heitte stormen?
- 17 Kva heitte ekstremværet som ramma Sør-Noreg, Sverige, Finland og Baltikum i august?
- 18 Kva er den største kjelda til CO₂-utslepp i Noreg?
- 19 Kor mykje elektrisk energi trengst årleg for å elektrifisere Melkøya?
- 20 Kva er namnet på den vellykka indiske måneferda?

- 20 Chandrayaan-3
- 19 totale stråumforbruk i Finnmark)
- 18 Ca. 3,6 terrawattimar (som svarer til dagens
- 17 Hans
- 16 Daniel
- 15 Laks, sjøaur og sjørøye
- 14 Smolt
- 13 Olav Dalgard
- 12 Margaret Olin
- 11 Oslo-avtalen mellom Israel og PLO
- 10 1979
- 9 fordi ho ikkje dekte hovudet sitt etter reglane.
- 8 ha blitt banka opp av det transke moralitet
- 7 82,9 prosent
- 6 23. desember (nokre kommunar har likevel
- 5 Jerv
- 4 Odd Nerdrum
- 3 Maria Parr
- 2 Agnes Ravatn
- 1 Mandal

Ei satsing på éin milliard kroner skal bidra til forskning på **kunstig intelligens** (KI) og kva slags konsekvensar teknologien kan ha for det norske samfunnet.



SATSAR PÅ KI: – Styrking av forskingsinnsatsen på kunstig intelligens er avgjerande for at vi skal sikre at utviklinga skjer på ein måte som er i tråd med våre verdiar som samfunn, seier statsminister Jonas Gahr Støre.

Set av éin milliard kroner til forskning på KI

■ – Kunstig intelligens og maskinlæring kjem til å forandre samfunnet på måtar vi framleis ikkje forstår eller klarer å kontrollere, seier statsminister Jonas Gahr Støre (Ap).

Milliarden vil fordele seg over dei neste fem åra. Målet er å få større innsikt om kva konsekvensar teknologiutviklinga har for samfunnet.

– Styrking av forskingsinnsatsen er avgjerande for at vi skal sikre at utviklinga skjer på ein måte som er i tråd med våre verdiar som samfunn, seier Støre.

– Må forstå samfunns-konsekvensane

Det er viktig både å forske på og utvikle KI-

teknologi, men like viktig er det å forstå konsekvensane teknologien vil ha for samfunnet, understrekar forskings- og høgare utdanningsminister Sandra Borch (Sp).

– Noreg er eitt av dei mest digitaliserte landa i verda, og vi har eit unikt utgangspunkt for å lykkast. Men vi treng meir forskning, meir innovasjon og meir kompetanse for å få teke i bruk dei nye teknologiane, seier Borch.

Innovasjon i næringslivet

Forskinga skal undersøkje kva konsekvensar KI vil ha for mellom anna økonomien, personvernet, under-

visning og kunst og kultur. Den er også meint å gi meir kunnskap om nye digitale teknologiar og moglegheiter for innovasjon i næringslivet og offentleg sektor.

– Forskings- og innovasjonssatsinga kjem til å ha mykje å seie for det norske samfunnet. I møte med dei største utfordringane er det særleg viktig at vi mobiliserer i fellesskap. Regjeringa skal gjere vår del av jobben, setje av dei nødvendige ressursane og peike ut retninga, seier Støre.

Satsinga vil bli finansiert innanfor Kunnskapsdepartementets ramme.

SENDELAG	FLÅMSBANA	HJULDRIV	PRON. PERIODE	RATE	"VINTERBLOMAR" EMNEVIS	LIKE TO	TETTAR	ORGINALAR MANN	TEORI	RUNDMAL	SÅRSKORPE	INVENTARET
ORDTAK								FISK LIGGE I STRID				
SVINDLAR												
MANN				PLASS			GLUGGAR				IDR.ARR.	
DRIKKE				SENSURERTE								
DAMMEN			KVINNEKITLAR						KVINNE			
			BYE						NÅLEBUSKEN			
							SONGEN				KONJ.	
							KRAFT				SEGL	
NASKE				SMERTER				STONE				PÅ NORDISK BIL
RAND				LEING				TIDL. NM-LEIAR				
PRON.			LIKE		TINN			ARVEANLEGG		LINDGRENFIGUR		
PREP.			TRØDE		KRAFT			SPURDE				
			SKUR						KOLLE			
			GAVL						KONGE			
ROMMA								SLAGET			NO BERRE I BERGEN	BIBELSK KONGE
								KAMPPLASS				
NYORD-ET I 2014	LINJE			GEVÆR				X		FØRST I MÅL		
REGNSKUR	REGLAR			EDELGASS				HORN				
										DELSTAT		
			RETNING									
			LIKE					TIDL. LAUSE			LIKE	
								KJENSLE			NO. ØY	
ADVERB				I SOGN						SJUKD.		
				VITNE-MÅL						EKSEMPLA		
REISKAPANE							DIKTATOR+		EUR. ELV			SEGLSKIPSBOMMEN
FASE							BORTE		KATASTOFAL			
			NORSK SYMJAR+NABOAR		HODYR							HJØRN-ET
					MORO		MØTELEIAR					
TEMAET					OSLO-AVIS						TVANG	
								PØBEL			DUUNSTAD	
ELTE		KOMM.										
DYR		ARSEN					LIKE	PLAN				
			KALDT VINDDRAG				PLAGA			ROMARTAL		NABOAR
VENTAR					OMDØME			KRUSA				

■ løysing • Nr. 3 - 2023

ORDTAK	DETTES	FISKE	LIJAMA	SPINNE	PLAN	KOMAL	Å	T	SONG	OV	SHAGEL	SEBRAD	P	O	PROP
S	M	Å	B	Å	T	A	R	S	M	E	T	T	F	R	A
E	L	E	K	T	R	O	M	O	N	T	Ø	R	A	R	D
L	E	R	E	R	E	T	O	G	R	U	T	E	N	E	
A	L	T	E	R	N	E	R	E	R	A	K	K	A	R	A
O	E	E	K	T	E	S	K	A	P	E	T	E	S	S	
M	I	N	S	T	E	M	A	N	N	S	P	R	A	T	
D	N	A	E	U	R	O	E	T	R	Å	R	O			
L	I	E	G	E	S	S	S	T	B	A	U	S	E	R	
Ø	S	L	I	S	T	S	T	Y	R	T	R	E	G	N	
T	E	A	T	E	R	E	T	A	I	G	Y	S			
M	A	G	N	E	O	F	R	A	R	V	A	L	L	A	K
E	N	G	E	L	S	K	E	R	I	K	A	N	N	I	
S	A	K	A	L	V	N	U	A	R	O	S	P			
E	R	A	T	O	E	G	G	L	E	K	N	E	S		
L	U	R	D	U	T	R	A	U	K	V	A	R	T		
H	Ø	Y	L	Å	V	A	R	E	T	U	R	E	Å		
A	P	P	D	I	K	A	F	G	L	U	S	T	E	R	
A	P	R	O	M	A	E	N	T	S	A	F				
R	E	G	N	A	G	R	U	N	T	E	K	S	T		

Vinnarar av kryssord nr. 3, 2023:

1. Terje Holmøy, Ålesund
2. Johannes Bakken, Sogndal
3. Ståle Fitje, Sandane

Send løysinga til:

Noregs Mållag
Lilletorget 1
0184 Oslo

eller e-post:

norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.

Frist: 5. november

Merk sendinga «Kryssord». Rett løysing kjem i neste utgåve. Tre vinnarar vert trekke ut og får ein fin premie.

Namn: _____

Adresse: _____

Postnummer/-stad: _____



Optima pH4 Hudpleie pluss

-gir hud i balanse

- til dagleg hudpleie av heile kroppen
- unik kombinasjon av alginat og organiske syrer
- også veileigna til overflatesår, hudplager og fot-/hudmassasje

Organiske syrer/pH 4 dannar eit surt miljø. Dette styrker syrekappa, førebygger hudplager og bevarer den gode bakteriefloraen.

Utan parfyme. Låg pH.



Scan for
meir
produktinfo



Produsert i
Hardanger



Ny skrivar i Målungdommen

Emma Hinderaker Pedersen er ny skrivar i Målungdommen. Ho tek over for Jógvan Helge Gardar, som har vore skrivar siste året.

OLAV WIXØE SVELA

■ Emma er 23 år og frå Stord, men har vore i eksil i Oslo i snart 4 år. Ho har tidlegare jobba i Natur og Ungdom på 2,5 år og på Ark bokhandel i 9 månader. Ho har vore politisk engasjert sidan ho g var 14 år, og sit i sentralstyret til Sosialistisk Ungdom.

– Eg ser fram til å jobbe saman med andre engasjerte unge og bli kjent med organisasjonen og alle dei som deltek inn i den, seier ho.

Det siste året har Emma tatt opp fag på Sonans, i håp om å finne ut kva ho vil gjere vidare i livet. Ho har funne ut at ho er veldig fornøgd med å jobbe med organisasjon og politikkk.

– Utanom det har eg brukt useriøst mykje tid på å sjå Netflix, ler ho.

– Trur du at du kan bruke noko av det du har lært i jobben i Natur og Ungdom i stillinga som skrivar i NMU?

– I Natur og Ungdom lærte eg mykje. Det var min første 100 % jobb, og det gav meg moglegheita til å utvikle meg i jobben og få nye opplevingar som eg tek med meg vidare.

– Blir det meir lenking og sivil ulydnad i nynorskaksjonismen no?

– Eg har jo lenka meg og vart arrestert av politiet ein av gongane. Dette var for at eg følte eg handla i nødrett for å redde Førdefjorden. Men dersom me må handle i nødrett for å redde nynorsk, skal ikkje eg stille meg negativ til det.

– Kva motiverer deg?

– Ungt engasjement! Det er ingenting som er like givande som å skape ein arena der unge kan møtast og utvikle seg sjølv og politikken, samstundes som dei får venar og opplevingar dei vil ha med seg resten av livet.

– Og kva er det som verkeleg frustrerer deg?

– Det som verkeleg verkeleg gjer meg sint, det er vaksne folk som ikkje tek unge på



NYNORSKING OG MILJØAKTIVIST: Emma Hinderaker Pedersen lenker seg gjerne fast for å redde nynorsken, slik ho har lenka seg for å redde Førdefjorden.

Emma Hinderaker Pedersen

■ Fødd 10.07.2000

■ Kjem frå Leirvik på Stord

■ Har budd i Oslo i 4 år

■ Studert litt på Sonans

■ Arbeidde i Natur og ungdom som Regionsekretær

alvor! Unge som engasjerer seg inn i ei sak eller ein organisasjon har så mykje bra å komme med, og bør bli høyrte på!

– Dersom me vil ha eit samfunn der unge føler at dei kan ta del i samfunnet, så må me gi dei plassen, og då kan ein ikkje avfeie dei berre på grunn av alder!

– Kva tenkjer du er dei viktigaste utfordringane i kampen for nynorsk, dialekt og språkmangfald?

– Eg er dialektentusiast, eg skriv på dialekt på meldingar og uformelle e-postar. Eg elsker dialekta mi, spesielt at eg har o-endingar på alle hokjønnsord! Rundt på Austlandet mistar fleire og fleire dialekta si for å legge om til eit språk nærmare Oslo-dialekta. Det bekymrar meg.

– Den nye rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen bekymrar meg også, det at Noreg ikkje klarar å gi samiske barn det dei har rett på. Nemlig å lære sitt språk! Når det kjem til nynorsk, så er det eit så stort problem at det er ein så liten del av pensum på ungdomsskulen og vidaregåande skule. Dersom ein skal lære eit nytt skriftspråk, må ein ha tida til det, og lærarar som kan lære det vekk!

– Har du ein nynorsk favorittperson?

– Det må jo bli Ivar Aasen. Eg synest det er litt vanskeleg å tenke på nokon andre enn han som faktisk laga nynorsk.

– Kva er favorittstaden på heimlassen din?

– På Stord har me ein restaurant som heiter Fru-gård, og der har dei så gode bagettar med kylling og bacon. Anbefalar det til alle som tar turen innom den vakre øya eg er frå.

– Kva les, høyrer og ser du på for tida?

– Eg ser på True Detective på HBO, det er veldig spennande og litt skummelt!

– Eg høyrer nesten utelukkande på Midnights-albumet til Taylor Swift, og eg les for tida Tante Ulrikes vei av Zeshan Shakar.

■ leiarspalta



TOBIAS CHRISTENSEN EIKELAND
Leiar i Norsk Målungdom

Ei vestnordisk gjenforeining

■ Ein av dei viktigaste måtane for å få medlemmane til å engasjere seg i og bli aktivt verande i ein ungdomsorganisasjon som Norsk Målungdom, er å skipe til samlingar, kurs, leirar og andre tilskipingar der ein møter likesinna ungdomar som ivrar for å gjera ein innsats for språka og dialektene våre, har det kjekt i lag og får ny gjev til vidare aksjonisme.

■ I Norsk Målungdom har me pla hatt tre-fire nasjonale tilskipingar i året. Mellom anna skal me i slutten av november ha vinterleir på Eina. Der var me sist i 2019, men sidan det har ein heilt ny generasjon med målungdomar komme inn i organisasjonen. Vanlegvis er leiren mot slutten av vinteren, men dette året blir det nokre endringar.

■ Neste sumar skjer det nemleg noko heilt utanom den vanlege aktiviteten i Norsk Målungdom. 10.-14. juli 2024 skal me ha sumarleir på Færøyane. Nokon kan få déja vu når dei les dette, for det er jo ikkje fyrste gong Norsk Målungdom har teke turen til øyane i vest – dit fór me også i 1994 og 2001! Tema då var sjølvstende og EU var også store tema.

■ Det er mykje planlegging som står att for neste års leir, og i motsetnad til dei sist kjem ikkje reisa til å gå til havs – det går ikkje lenger rutebåt mellom landa våre – denne gongen blir det fly som gjeld. Det blir nok heller ikkje like mykje snakk om EU som sist. Uansett er det mange grunnar til at Færøyane er ein spanande stad å ha sumarleir på. På sumarleiren neste år kjem fokuset til å vera på språka, kulturarven og soga me har i lag. Det blir innleiarar frå Noreg og Færøyane, norsk og færøysk målsak, utflukter for å oppleve den færøyske naturen, kulturellt innhald og mykje meir. Målgruppa for leiren er norske (og færøyske) målungdomar mellom 15–25 år. Påmeldinga har ikkje opna enno.

■ Ein sumarleir på Færøyane er eit ambisiøst, viktig og stort prosjekt, men også ei økonomisk utfordring for Norsk Målungdom. Både reisa og opphaldet blir dyrare enn om leiren hadde vore i Noreg. For at me skal kunna gjennomføre det, treng me derfor støtte. Dersom du eller laget ditt har lyst til å støtsummarleiren, kan de sende ein valfri sum til målgåvekontoen vår – 3450.65.48707. Merk betalanga med «Sumarleir på Færøyane». Me er svært takksame for alle målgåvene me får, og alle (både lag og privatpersonar) som gjev støtte i høve sumarleiren, får namnet sitt prenta i fyrste Motmæle som kjem etter leiren. Har du tips, kunnskap eller råd til leiren tek me også gjerne imot dette.



Jan Olav Gatland

Biografar om meir eller mindre gløynde personar frå fortida kan kome til å fokusere vel mykje på nettopp gløymsla. Den fella går Jan Olav Gatland aldri i, skriv Jógvan Helge Gardar om biografien om **Bolette C. Pavels Larsen**.



Biografi med kjærleik til kjeldematerialet

■ Rett ved nærbutikken i Mundal sentrum står eit digert minnesmerke i stein, eit overraskande stort monument langs vegen. «Sogningar sette denne steinen til minne um Bolette C. Pavels Larsen», står det på støtta. Eit lite innblikk i livet hennar får ein av ein liten plakett ved foten, men utan å granske saka nærare er det framleis litt av eit mysterium kven denne skikkelsen eigentleg var, og kvifor ho vart så viktig for sogningane.



I den ferske biografien på Skald har Jan Olav Gatland teke på seg jobben med å skildre kven Bolette C. Pavels Larsen var, og kva saga om henne kan ha å seie oss i dag. Bolette Christine Pavels Larsen var forfattar, omsetjar, og litteraturmeldar i *Bergens Tidende* siste delen av 1800-talet. I kraft av desse rollene vart ho ei føregangskvinne i samtida si, og gjorde sitt for å gjø litteraturen sin rettmessige plass i den unge nasjonen.



■ bokmelding

Jan Olav Gatland:
Bolette C. Pavels Larsen
- Litterær pioner og føregangskvinne
Skald, Leikanger
2023

Gatland skriv lett, ledig og drivande om Bolette (han nyttar berre fornarnet), og gjev ei tematisk framstilling av saga hennar. Me kjem innom arbeidet Bolette gjorde som forfattar, målkvinne, opplesar og kvinnesaksquinne, men heile vegen i ei

meir assosiativ form, der temaet og innhaldet tek forrang framfor kronologien. Det fungerer godt som forteljarteknisk grep, men særleg naturleg verkar det når ein ser på kjeldetilfanget.



Det skin gjennom at biografen nærer stor kjærleik til kjeldematerialet sitt, men det er ikkje alltid den kjærleiken er gjengjeldt. Særleg problematisk vert det iblant at stykka frå *Bergens Tidende* sjeldan er signerte, og at det dermed er vanskeleg å vite med full tryggleik at det er Bolette som står bak. I tillegg manglar ein god del frå brevkiftet til Bolette. Gatland fyller på med brev og andre indisium der det vert naudsynt, og Gatland er gjennomgåande ærleg med lesaren om at det er ein del av saga me aldri får greie på.



Kanskje den mest interessante delen av boka handlar om forholdet mellom Bolette og andre figurar i det offentlege Noreg på seint 1800-tal. Særleg interessant kan

det vere for nye generasjonar målfolk å sjå korleis Bolette kommuniserer med andre likesinna i samtida si. Det meste føregår på dansk, og når det vert tale om landsmålet, er det som regel med ein påfallande distanse og, for moderne augo, nokså humoristisk tone. Gjennom passasjane om ekteparet Garborg får Gatland verkeleg kjeldene i tale, men mest inngående skildrar han forholdet mellom Bolette og Knut Hamsun i eit svært trøysamt kapittel. Omslaget på boka skriv seg og frå eit monogram teikna av Hamsun sjølv.



Biografar om meir eller mindre gløynde personar frå fortida kan kome til å fokusere vel mykje på nettopp gløymsla. Den fella går Gatland aldri i, som heller skisserer Bolette så godt kjeldene tillèt med alt som høyrer med av kuriositetar. Boka fungerer like godt for kjennarar som for dei som aldri har høyrte om Bolette Pavels Larsen før i dag. Ho vil nok bidra til at sogningane får endå meir selskap rundt bautaen sin.

Jógvan Helge Gardar

Balanserer mellom humor, alvor, tøys og gode poeng

Det er ikkje vanskeleg å få auge på talentet til Lina Breidablik.

Debutromanen **Heime aleine** syner frå fyrste side at me godt kan ha store forventningar framover.

■ På overflata er forteljinga ei som liknar mange andre, med fleire aspekt ein finn flust av i samtidslitteraturen: Ein rådvill hovudperson freistar å finne seg til rette blant kollegaar, vener og bygardar i hovudstaden. Me får ei nokså vanleg historie om ein forteljar mellom livets stolar, men romanen skin verkeleg i dei små detaljane. Breidablik viser fram ei solid observasjonsevne, og klarar ofte å gjere kvar-dagens komikk eller traurige gjeremål om til lun humor, og heile vegen binde det i hop til eit samla bilete. Slik vert ei nokså daglegdags forteljing om til ein meir poetisk og komplett heilskap.



Det er særleg i desse små glimta at *Heime aleine* imponerer, i dei små bisetningane med ein tørr kommentar eller ein treffande observasjon. «På kvelden sykklar eg nedover mot botnen av byen, så lar eg byen sluke meg, så blandar alt seg, i brunt og gyllent og sovelgult, grått og svart.» Skildringane kjem slik som denne på løpande band, alltid like uanstrengde, aldri for sprudlande for sitt eige beste. Ein annan plass: «For litt over eitt år sidan visste eg ikkje at Morten fanst. Men eg hadde nok svart ja viss nokon hadde skildra han for meg og spurt meg om eg trudde han fanst.» Så leikande lett kan det altså vere å finne det poetiske i det alminnelege.



Denne sjølvvironiske, varme stilen eignar seg godt til historia Breidablik vil fortelje. Romanen er prega av ei gjenomgåande undring, med nye tankar, distraksjonar og innfall som gjer teksten springande



STERK DEBUTANT: Lina Asheim Breidablik viser at ho er ein forfattar me bør følgje meir med på framover, meiner meldaren til Norsk Tidend.

Foto: Daniel Vikum / Gyldendal



■ bokmelding

Lina Asheim Breidablik:
Heime aleine
Gyldendal, Oslo
2023

og frisk utan at det går ut over framdrifta.



Nokre av passasjane frå arbeidsplassen kan velte over i det prosaiske, men også her kjem det passelege drypp med humor undervegs, slik som i lønsjforteljinga om festgjesten som tek to høner frå hagen og slaktar dei på vaskerommet for å lage nattmat. Den same kreativiteten kjem fram i den vesle snutten om arbeidslaget som planla Majorstukrysset. Samstundes veit Breidablik å avslutte og kome seg vidare

når tida er mogen, og lesaren føler aldri at kvardagen eller desse småskrønene tærer på tolmodet.



Gjennom ei mengd små kapitlar syner Breidablik at ho veit korleis ho skal balansere mellom humor, alvor, tøys og gode poeng. *Heime aleine* er òg eit godt døme på korleis eit oppstykk narrativ fint kan danne eit tett samanknytta heile. Det er god grunn til å følgje Lina Breidablik framover.

Jógvann Helge Gardar

Eit lite forlagseventyr

Eigentleg ville dei to kompisane og kultursjefane «berre» skapa nye kulturarbeidsplassar på tvers av kommunegrensene. 30 år seinare er **Lars Nes** og **Jon Skjerdal** framleis med på å leia det som vart Skald forlag – eit lite eventyr ved den store Sognefjorden.

JANI FARDAL – NPK
jan.inge.fardal@npk.no

■ Alle med kjennskap til norsk forlagsbransje kjenner til Skald forlag, som held til på Hermansverk i Sogndal kommune tett ved Sognefjorden. Sjølv presenterer forlaget seg slik i 2023, 30 år etter at den første boka kom: «Vi har sterkt fokus på design, taktilitet og materialet, og samarbeider med Noregs fremste bokdesignarar. Mange av bøkene har blitt premiere under konkurransen Årets Vakraste Bøker som kvart år vert utdelt i regi av Grafill».

Dette er rimeleg langt unna det dei to då halvvakne karane, Lars Nes og Jon Skjerdal, kultursjef i kvar sin kommune, tenkte der dei låg på kvar sin sofa på Hermansverk ein romjulskveld i 1990. Dei to kreative kompisane tenkte annleis enn mange i same posisjonar rundt seg – dei ville skapa nye kulturarbeidsplassar gjennom å samarbeida på tvers av kommunegrensene. Kva var då meir naturleg enn å skipa eit selskap som kunne ta seg av dette?

Snorresoga i bokhylla

Men kva skulle dette selskapet heita? Det var tema før dei egentleg hadde tenkt på kva selskapet skulle driva med.

– Bak Lars var det ei bokhylle, der stod Snorre-soga og det var då eg fekk auga på desse bøkene at det spratt fram i hovudet mitt – kva med Skald? Sjølv sagt måtte dette heita Skald, seier Jon Skjerdal – meir enn 33 år etter denne romjulsstunda. Slik vart det, eit namn som også har fått Språkrådets namnepris. Det gjekk eit par år før selskapet byrja å sysla med bøker.

Først dreiv Skald A/S, som var det opphavslege namnet – både Jazzforum og Nattjazzen i Bergen! Dei fekk festspelkonsertar og ei rekke andre større og mindre arrangement av ulik karakter til Sogn, både på og ved fjorden. Dette krev ei lita forklaring.

Jon Skjerdal hadde nett fått i oppdrag å leia Nattjazzen og Bergen Jazzforum. Han flytta til

Skald

- Stifta 1993 av **Lars Nes** og **Jon Skjerdal** i Leikanger i Sogn.
- Frå 1993 til 2021 gav dei ut 352 bøker (kjelde: *Bokhistorier* av Ottar Grepstad)
- Gir ut barnebøker, sakprosa og skjønnlitteratur, særleg omsett litteratur
- Serien *Nynorske klassikarar* har i dag 22 titlar

Bergen, men i avtalen vart det slege fast at han kunne bruka 20 prosent av arbeidstida på noko anna, nemleg på Skald. Slik vart det, og slik har det vore seinare, først i Skald AS, seinare i Skald forlag saman med Lars Nes – Jon som styreleiar, Lars som forlags-sjef og no som seniorkonsulent.

Telefaks og fotball

På vegen til å bli eit forlag var altså denne kulturformidlingsverksemda involvert i mange ulike prosjekt. Dei leigde inn kompetanse både i film, musikk og foto og etter kvart også forlagsverksemd. Fem-seks personar var tilknytte Skald på ulike vis dei første åra.

– Dette var lenge før sosiale medium, smarttelefonar og andre slike moderne greier, men telefaksen! var kommen. Og her gjorde Lars noko som på mange måtar fortel litt om kvifor og korleis me er vorte det me er. Han skapte ein fellesskap, ein slags eigen versjon av det som i dag er Facebook, ikkje med mobilar, men med telefaksar. Han utstyrte oss med kvar vår telefaks og slik kunne me kommunisera med kvarandre, minnest Jon om litt av bakgrunnen for at Skald er vorte det forlaget er.

Lars skyt inn: – Eg vart den første tida også inspirert av Sogndal Fotball og sjefen den gong, Rolf Navarsete. Han sa at dei var så små at dei ikkje kunne vera gode på alt. Dei måtte finna sine ting å bli skikkeleg gode på



FRÅFLYTTAR: Jon Skjerdal flytta til Bergen for å leie Nattjazz og Bergen Jazzforum, men dreiv med Skald forlag i 20 % stilling. I dag er det i hovudsak Lars som held fram med forlagsdrifta.

Foto: NPK

ved den store fjorden



og prioritera vekk anna. Dette har me hatt med oss vidare.

Lokal boksuksess sette fart

Men framleis var det litt tilfelle og litt flaks som gjorde at dette vart eit forlag. Første boka var frå den lokale historikarhøvdingen, no avdøde Johs B. Thue si hand. Han skreiv eit kjærleiksbrev til Ingebjørg den fagre – ei bok som kom 30. juni i 1993, på dagen 80 år etter at Fridtjov-statuen på Vangsnes rett over fjorden vart avduka. Og så – etter tre år med både bøker og mange andre kultprosjekt – kom den nyslegne pensjonisten Odd Njøs si første bok – «Berre praten går ...».

Det vart ein knallsuksess, som selde 4.500 bøker i tre opplag. – I staden for å laga eit 4. opplag, bestemte me oss for å gje ut ny bok, det vart ein serie – ein kommersiell suksess og me var

i gang, det gav meirsmak, seier Lars Nes om forlaget på slutten av førre hundreåret. Den første nye fast tilsette kom i 1999.

I dag er det fire faste stillingar i Gamlehotellet på Hermansverk og ein heilt sentral person er forlagssjef Simone Stibbe.

– Ho er tysk og har til dei grader bidrege med blikk utanfrå, struktur og evne til å sjå kvar me bør gå, kva me bør satsa på, seier Lars, men vedgår at heller ikkje Simone kom på plass etter god planlegging frå dei to forlagsstiftarane si side.

Nekta å akseptera eit nei

Lars fortel: – Det var våren 2003, ei jente frå Leipzig i Tyskland ringde fordi ho trengde tre månaders praksis i eit norsk forlag under studiet sitt. Ho hadde hatt sommarjobb i Bokbyen i Fjærland, så det var ikkje heilt tilfeldig at ho ville



HUSET VED FJORDEN: Forlagshuset til Skald ligg i Gamlehotellet i Leikanger i Sogndal kommune. Hotellet har vore forlagshus sidan 2000. Foto: NPK

JAZZAR: Lars Nes (t.v.) og Finn Tokvam, her som konferansierarar under Balejazz.

Foto: Jani Fardal / NPK

prøva hjå oss. Men eg sa nei, eg. Så gjekk det nokre veker og så banka det ei ung kvinne på døra. Det var same jenta, ho hadde like godt teke turen for å få praksis. Då kunne eg sjølvsagt ikkje seia nei. Og ho imponerte frå dag ein. Etter tre månaders praksis sa eg at ho hadde fast jobb hjå oss når ho var ferdig med studia. Snakk om flaks – ho er her framleis etter 20 år – og for å vera heilt klar: Me hadde aldri vore der me er i dag utan Simone, seier Lars Nes om kanskje hovudnøkkelen til at forlaget er ein suksess.

– Det handla om struktur, og evna til å sjå oss utanfrå. Og å gjera nett som Rolf sa – finna dei nisjane, dei områda der me kan vera betre enn alle andre, legg seniorrådgjevar som nyss runda 70 til.

Forlagssjef Simone stadfestar alt hennar tidlegare sjef har fortalt, men legg til at det nok var endå meir tilfeldig at det vart nettopp Skald. Det starta nemleg med Fjærland og Norsk brevmuseum i 2001 for hennar del. Då ho var på Universitetet i Bergen for å læra norsk i samband med mastergraden i bokvitskap, kom ho over ein lapp om at dei trong språkmektige omvisarar på museet. Ho fekk jobb der.

Fjærland framføre Førde

Då ho kom til Fjærland, fekk oppleva naturen på nært hald og oppdaga at dei også hadde bokby, var ho seld.

– Det er no Fjærland som er

heime for min del, fortel Simone. Ho peikar på dyre leigeprisar i Oslo og at Førde er omtalt som Noregs styggaste by som forklaringa på at det faktisk vart Skald. Ho var nemleg open både for Selja og Samlaget – men av naturlege årsaker valde ho Hermansverk ...

– Det har eg aldri angra på, også fordi me saman har kunna utvikla Skald til noko som er heilt for seg sjølv. Stor fridom har vore viktig, fortel forlagssjefen som på desse 20 åra også har hatt permisjon for å jobba både i Samlaget og Morgenbladet – der ho mellom anna skapte suksess-serien Leseland.

– Det at eg har fått frie taumar til å utvikla egne seriar – som nynorske klassikarar med det spesialdesignet i Skald, har vore heilt avgjerande, seier Simone Stibbe og legg til: No er me vortne skikkeleg vaksne, så no kan ingen komma her å påleggja oss å gjera noko me ikkje vil ...

– Kva seier så dei to stiftarane 33 år etter – er dei stolte?

Lars Nes :- Veit ikkje om stolt er det rette ordet, men eg er godt nøgd når eg ser attende på det me har fått til.

Jon Skjerdal:- Eg blir sjeldan så glad og stolt som når eg høyrer nokon snakka om ei bok dei likar og tilrår og at boka er frå oss. Det er viktigare enn at dei veit kva forlag som har laga boka. Me lagar bøker som folk skal lika og ta vare på.

KRAMBUA

Stø målarbeidet med ein handel i Noregs Mållag sin eigen nettbutikk!



Lite krus
kr 290.00



Kortstokk
kr 75.00



Ostehøvel
kr 250.00



Skuggelue
kr 115.00



Smykke
kr 600.00



Refleks
kr 30.00



Drikkeflaske (termos)
kr 450.00



Erteposespel
kr 990.00



Krus
kr 298.00

På nettbutikken finn du mange fleire varer og mange gode tilbod. Send ein e-post med tinging til per.arntsen@nm.no, ring til 23 00 29 35, eller gå inn på www.nm.no/krambua. Hugs at lokallaga får egne rabattar om de tingar på e-post.

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

MÅLLAGET INFORMERER

DEN STORE VERVEDAGEN 2023

Tradisjonen tru skipar Noregs Mållag den store vervedagen 1. oktober. Grunnen er at frå 1. oktober kvart år vert nye medlemmer også medlem heile påfølgjande år for dei 200 kronene det kostar å melde seg inn. Tilbodet gjeld for nye medlemmer, og gjeld sjølvsagt alle dagane resten av året, og ikkje berre 1. oktober. Om du som les dette, kjenner nokon som kunne tenkje seg å bli medlem, er tida inne for å bli det no! Fleire medlemmer er viktig for lokallaga, og for å få gjennomslag i viktige saker for nynorsken. Hugs at me har husstandsrabatt om det bur fleire medlemmer på same adresse.

KORLEIS BLIR EIN MEDLEM I NOREGS MÅLLAG?

- Send NYNORSK i ei tekstmelding til tlf. 2490 (200 kr blir lagt til mobilrekninga)
- Gå til nm.no og klikk på «Bli medlem». Der fyller ein inn info, og kan betale med kort.
- Vips 200 kr til 90540, og skriv kontakinfoen som melding.
- Send e-post til medlem@nm.no

VIL DU BLI MEDLEM I EIT YRKESMÅLLAG?

Medlemmer vert registrerte i lokallaget som ligg geografisk nærast, men me minner om at det også finst ulike yrkesmållag: Juristmållaget, Mediemållaget, Medisinsk Mållag, Noregs Lærarmållag og Mållaget i LO-administrasjonen. Om du er medlem i eit lokallag, kan du vere sidemedlem i eit slikt yrkesmållag, og berre betale lokallagssatsen. Satsen i dei ulike yrkesmållaga varierer frå 60 til 100 kroner. Ta kontakt på medlem@nm.no, om du ynskjer det!

Medlemstalet til Noregs Mållag for 2023 har passert 14 000. Den siste månaden har me fått godt over 100 nye medlemmer som reaksjon på FpU sin «f**k nynorsk»-plakat. Dei siste to åra har me avslutta med over 15 000 betalende medlemmer. Greier me det i år, tru? Hjelp oss gjerne å verve, både andlet til andlet, og i sosiale medium.



FØREHANDSTINGING AV ADVENTSKALENDER

Me gler oss til advent! Årets adventskalender får ein kjøpt frå lokallaga våre, og då går halve summen direkte til dei. I år trykker me berre 2000 kalenderar, og når det er tomt, er det tomt. Vinstane er gavekort frå Den norske turistforening, pledd, spel, smykke og mykje anna. Me oppmodar lokallaga våre om å tinge kalenderar så snart som råd, og selje dei lokalt fram til 1. desember. Ein vil også få kjøpt kalenderar i krambua på nm.no frå 1. november, så sant ikkje alle vert tinga av lokallaga våre før den tid.

LANDSRÅDSMØTE

Det vert samling av landsrådet i Noregs Mållag frå 17.-19. november. Rådet er sett saman av leiarane i fylkesmållaga, representantar frå Norsk Målungdom og styret i Noregs Mållag.

NY KONTO

Noregs Mållag har starta prosessen med å skifte bank frå Sparebanken Vest til Voss sparebank. Nytt kontonummer for Mållaget er: 3480.13.83582

4 ■ 2023
Norsk Tidend
Framhald av Fedraheimen og Den 17de Mai



NOREGS MÅLLAG

nm.no

Tilskrift:

Lilletorget 1,
0184 OSLO

Telefon: 23 00 29 30

E-post: nm@nm.no

Kontoradresse:

Lilletorget 1, 0184 OSLO

Kontonr.: 3480.13.83582

Leiar: Peder Lofnes Hauge
95 12 26 89 / peder.hauge@nm.noNestleiar: Synnøve Marie Sætre
92 69 53 30 / synnove.setre@nm.no

Tilsette:

Gro Morken Endresen,
dagleg leiar,
tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60,
gro.morken@nm.noErik Grov, organisasjonsrådgjevar,
tlf. 23 00 29 30, erik.grov@nm.noPer Henning Arntsen, økonomirådgjevar,
tlf. 23 00 29 35, per.arntsen@nm.noIngar Arnøy, skulemållagsskrivar,
tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00,
ingar.arnoy@nm.noHege Lothe, informasjons-
og organisasjonsrådgjevar,
tlf. 92 64 83 48, hege.lothe@nm.noVemund Norekvål Knudsen,
redaktør og rådgjevar,
tlf. 23 00 29 32 • 97 68 43 99
vemund.knudsen@nm.noFrida Pernille Mikkelsen,
politikk- og kommunikasjonsrådgjevar,
tlf. 23 00 29 34 • 48 24 87 47
frida.mikkelsen@nm.no

NORSK MÅLUNGDOM

malungdom.no

Leiar: Tobias Christensen Eikeland,
Telefon: 94 89 49 69,
E-post: tobias@malungdom.noSkrivar: Emma Hinderaker Pedersen
E-post: emma@malungdom.no
Telefon: 95 07 88 18

Kontormedarbeidar:

Stillinga er ledig! Send CV og søknad til
tobias@malungdom.no!Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 Oslo
Telefon: 97 34 28 64
E-post: norsk@malungdom.no

Kontonr.: 3450.65.48707


Prent: Amedia Trykk
Opplag: 14 700
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonсар:
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm
Tillegg for tekstsida: kr 0,50,-/mm
Spaltebreidd: 45 mm
Kvartside: kr 3 000,-
Halvsida: kr 5 000,-
Heilsida: kr 9 000,-
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stofffrist nr. 5, 2023:
5. november

Returadresse:
Noregs Mållag
Lilletorget 1
0184 Oslo



Nr. 4 • september 2023

Norsk Tidend

Framhald av *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*

Hovdebygda (i Ørsta) er vårt andre Betlehem..

*Jens Håkon Slettemark Birkeland
til Avisa Hordaland*

for hundre år sidan

Aftenposten [...] trur visst at dei kann flira maalreisingi burt. [...] Rigsmaalsbladet gjev seg til aa pusla med harselas yver at Noregs Maallag har bede um landsmaalstekst paa pengesetlane. Dei har sett saman noko barnslegt tull som dei gjev ut for landsmaal. Der som landsmaalet var so umoglegt, kvifor kann dei daa ikkje gjeva nokre prøvor paa verkelegt landsmaal?

[...] Rigsmaalsbladi forkynner dagleg store riksmaalssigrar paa Austlandet. D.v.s riksmaalet har fleirtal i dei flest heradsstyre derburte. Men bladi tegjer med at for nokre aar sidan var det berre riksmaalsfolk. [...] Dei nemner ikkje mykje at paa tjukkaste Romerike, har heradsstyre vedteke aa slaa plakane upp baade paa landsmaal og riksmaal. Ikkje der eingong er dei rædde «de latterlige landsmaalsopslag».

Hardanger, 1923

I anledning at styret for Noregs Maal-lag har vedtatt at sende en skrivelse til Norges Bank med anmodning om også at utgi pengesedler med tekst paa landsmaal har «Tidens Tegn» prestert følgende:

Har De læst det, har De set det?
Nye sedler skal vi faa,
som på vrang og paa rette
skal bli trykt med landsmaal paa!
Ristes skal med sære runar
Men jeg sukker tungt og sier!
baade tusenlap og tier.
Kald det kroner, - kald det krunar, -
like litet vel det munar!

Bør de nye sedler bære
Christie eller Tordenskiold?
eller faar hr. Koht den ære,
Hognestad og Fostervoll?
For at styrke kommunist'ne
i enteten med de kristne
bør vel Scheflo og faa sæte
som et nyt Olavs-biletæ, -
fortinsvis paa rødegardist'ne!

Akershus amtstidende, 1923

på tampen



Made in China

■ I fjor kjøpte eg ei nydeleg veske laga av mørkebrun tre, ho heng liten ned akslene mine, men er stor nok til at eg får plass til både mobilen og ei leppestift. Eg elsker den nye veska mi, kjenner meg kul når eg gjeng med ho, for ein ser ikkje mange trevesker på gata. Likevel vestrar eg meg når folk spør meg kor eg har kjøpt ho, veska er nemleg frå eit kinesisk merke.

■ Me har alle høyrd uttrykket: *Made in China*, helst etterfylgd av lått. Uttrykket betyr for oss i Noreg og i vesten at det som blir laga i Kina har dårleg kvalitet. At det er laga på samleband med delar som ryk eller materiale som fell frå kvarandre, sett saman av små barne- eller kvinnehender. Produkt ein like gjerne kan kasta med ein gong for det fell uansett frå kvarandre berre av eit hardt blikk. Ein kontrast til dette er kjenslene me har til tysk design, me elsker tyske bilar og vaskemaskinar, talar om tysk kvalitet. Det skal seiast: eg har kjøpt ein vasskokar i mitt liv, ein Bosch vasskokar skaffa for sytten år sia for det som på en tida var ein god sum, men han boblar og kokar nøgd den dag i dag.

■ Trass uttrykket *Made in China*, forbind me au Kina med gode handverkstradisjonar, med ekspertar som pussar og slipar varene sine til dei reinaste kunstverk. Veska mi er ei handverksveske, og både den førre telefonen min og laptopen min er Huawei-produkt, aldri har eg vore meir nøgd med ein telefon som med Huawei min.

■ Tosidigheita her er at på den eine sida har me biletet av kinesarar som produserer drit og prøver å lura kundane for mest mogleg pengar, den andre sida av mynten er Kina me

knyter til ekstrem disiplin. Det er Kina som vinn turngull og talar eit eldgamalt språk og har ein eldgamalt litterær tradisjon, med gamal visdom og ein kultur som krev høg presisjon og disiplin.

■ Mange kinesarar vil kjenna seg att i den siste skildringa, for kva er det som er *Made in China*? Dei produkta me legg til kinesarane og tøyser om kinesisk kvalitet er nemleg framstilt av transnasjonale selskap som produserer varene sine i land med billig arbeidskraft. Sett i det lyset er det ikkje Kina som lagar ting med dårleg kvalitet, men selskap som vel å laga ting snøggast mogleg til billigast mogleg pris. Framfor å nytta *Made in China* som eit uttrykk for dårleg kvalitet, er masseprodusert skit ei langt meir presis nemning.

■ Så korleis kan det ha seg at me i fleire tiår laga eit synonym mellom det at noko er produsert i Kina og dårleg kvalitet? Kina har både verdas neststørste landmasse og er verdas nest mest folkerike land med over 300 forskjellige språk, landskap som gjeng frå fuktige, tropiske klima til skyhøge fjell, til stepper og ørkenar. Mangfald er eit stikkord når me talar om Kina og det at me i vesten har dømt dette store landet til å bety varer av dårleg kvalitet er både hårreisande og flautt. Det seier ikkje berre noko om blikket vårt på andre, men au kor sårbare me er for marknadsføring frå bedrifter som ynsker å selja oss drit utan å bli stempla som eit dritseljande selskap. Neste gong du høyrer nokon nemna *Made in China*, hugsar du kanskje denne teksta og puttar skulda der skulda høyrer heime, nemleg hos selskapa som ikkje er villige til å betale for kvalitet slik at dei får høgast mogleg profitt på varene sine.

THARANIGA RAJAH